



# Berekraftig verdiskaping i verdsarvområde

Kan store verdiar knytt til utmarka gje auka lokal verdiskaping?

NORSØK RAPPORT | VOL.4 | NR. 8 | 2019



**TITTEL**

Berekraftig verdiskaping i verdsarvområde.

Kan store verdiar knytt til utmarka gje auka lokal verdiskaping?

**FORFATTERE(E)**

Sørheim, Kristin (NORSØK), Barstad, Johan (HBL), Bergslid, Ildri Kristine (NORSØK), Fet, Annik Magerholm (NTNU), Flø, Bjørn Egil (NIBIO), Lande, Unni Støbet (NIBIO), Solemdal, Liv (NORSØK), Steinshamn, Håvard (NIBIO), Velle, Liv Guri (Møreforskning)

DATO:	RAPPORT NO.		PROSJEKT NO.:
07.08.2019	Vol/nr/år	Åpen	275574
ISBN:	ISSN:	ANTALL SIDER:	NO. OF APPENDICES:
978-82-8202-089-3		52	1

**OPPDRAGSGIVER:**

Norges forskningsråd

**KONTAKTPERSON:**

Eli Ragna Tærum

**STIKKORD:**

Utdragsressursar, turisme, berekraft, verdsarv, forretningsmodellar, kulturlandskap, landbruk

World heritage areas, sustainable agriculture and tourism, business models

**FAGOMRÅDET:**

Økosystembasert naturforvaltning

Ecosystem based nature management

**SAMMENDRAG:**

Lokal verdiskaping basert på utmarka i verdsarvområda Vestlandsk fjordlandskap kan ikkje sjåast isolert, men er tett knytt til heile samfunnsutviklinga på desse stadene. Det tradisjonelle landbruket i desse områda har skapt verdfulle naturgode som biologisk mangfald, opne turområde med høg rekreasjonsverdi, turstiar og anna. Fleire av desse naturgoda er viktige for reiselivsnæringa. Kulturlandskapet er også viktig for verdsarvstatusen i seg sjølv, ettersom dette er ein viktig del av kjerneverdiane til området (OUV).

Utviklinga i landbruket gjer at tungdrivne areal også i verdsarvområda går ut av bruk. Opphøyr eller låg bruksintensitet går spesielt ut over utmarksressursane og dei seminaturlege naturtypane.

Utdrags i Geirangerfjordområdet er særleg trua, da tradisjonell bruk med beiting, slått og hausting no i stor grad har teke slutt, og naturtypane gror att med buskar og kratt. Gjengroing fører til tap av

variasjon, artar og økologiske funksjonar. Intensivering av landbruket vil også forringe naturverdiane og landskapskvalitetane.

For at landbruket ikkje berre skal vere eit «kulisselandbruk», men vere del av eit berekraftig driftssystem, må tilgjengelege arealressursar på innmark og utmark nyttast til matproduksjon og andre livsviktige økosystemtenester. Gjeldande landbrukspolitikk, med mål om stordrift og effektivisering av matproduksjonen, er ei sterkare drivkraft enn dei tiltaka som er sett inn for å bremse og motverke at tungdrivne areal går ut av bruk i verdsarvområda.

Den lokale turist- og reiselivsnæringa kan også hamne i noko av same marginaliserte situasjonen som landbruksnæringa fordi dei ikkje lenger er dei mest sentrale aktørane. Eksterne aktørar representert ved cruiseindustri, turbussar og storskala reisearrangørar er ofte i enda større grad premissleverandørar.

Det trengs ei heilskapleg tilnærming for å løyse utfordringane. Ein prosess som forskyv maktbalansen frå eksterne aktørar innan masseturisme og i retning lokalt næringsliv og verdiskaping og som inkluderer innbyggjarane, krev nytenking, utvikling av nye forretningsmodellar og evne til gjennomføring gjennom demokratiske planprosesser.

Av ulike konkrete verkemiddel som kan prøvast ut, men da helst som element i ein større endringsprosess, vil vi peike på særskilde landbrukspolitiske verkemiddel i retning sveitsisk modell, turistskatt, anna betaling for fellesgode og bygdeutviklingsprosjekt som kan gi auka tilflytting og ny næringsaktivitet. Dialog og partnerskapsbygging kan fremme ansvarleg medverknad.

Forskningsbehova for verdsarvområda og tilsvarande område med store og unytta ressursar i utmarka er mange, og arbeidsgruppa si vurdering er summert og konkretisert i denne rapporten.

#### SUMMARY:

Local value creation based on the outlying areas in the world heritage areas in the Norwegian western fjord landscapes cannot be isolated, because it is closely linked to the entire development of society in these areas. The traditional agriculture in these areas has created valuable natural goods such as biodiversity, open hiking areas with high recreational values and other ecosystem services. Many of these products are important for the tourism and they are also important for the world heritage status itself. For agriculture not to be just a “backdrop agriculture”, but a part of a viable operating system, it is now important to develop a new model for agricultural policy instruments in such areas, as well as new sustainable business models for local value creation. Dialogue, democratic planning processes and partnership building can promote responsible participation. There are many research needs for world heritage sites and corresponding areas with large and untapped resources, and the project group's assessment is concretized in this report.

LAND:	Norge
FYLKE:	Møre og Romsdal
KOMMUNE:	Tingvoll
STED:	Tingvoll

GODKJENT

Turid Strøm

NAMN

PROSJEKTLEDER

Kristin Sørheim

NAVN

# Føreord

NORSØK arbeider med å utvikle kunnskap for eit meir berekraftig landbruk og samfunn. Fagområda er økologisk landbruk og matproduksjon, miljø og berekraft og fornybar energi. Å studere potensialet for berekraftige driftssystem og forretningsmodellar knytt til område med verdsarvstatus er difor svært interessant for oss. Økologiske driftssystem med utnytting av både innmark og utmark, med husdyr og planteproduksjon, kan ha overførbar kunnskap til nye driftskonsept i slike område.

Denne rapporten er ei samling av innlegg frå dei ulike deltakarane i prosjektet «Berekraftig verdiskaping i verdsarvområde. Kan store verdiar knytt til utmarka gje auka lokal verdiskaping?». Den skal reflektere diskusjonar og vurderingar som deltakarane i nettverket har gjort seg i prosjektperioden og som kan vere nyttig for vidare arbeid med berekraftig verdiskaping knytt til utmarksressursen. Eitt av delmåla i prosjektet var å posisjonere nettverket til større forskingsprosjekt om temaet, og bidraga i rapporten er skrivne og valt ut med bakgrunn i dei ulike deltakarane sin særlege kompetanse. Eit anna delmål var å vurdere forskingsbehov, og våre funn og vurderingar er summert i rapporten.

Vi takkar for finansiering frå Norges forskningsråd og Møre og Romsdal fylkeskommune til å gjennomføre dette nettverksprosjektet. Og vi takkar samarbeidspartane og alle lokale bidragsytarar for godt samarbeid og gode innspel.

Tingvoll, 07.08.19

Kristin Sørheim

Prosjektleiar

# Innhold

1	Innleiing.....	7
1.1	Om prosjektet .....	7
1.2	Bakgrunn .....	8
1.3	Arbeidsmetode og materiale .....	10
2	Resultat .....	12
2.1	Situasjonsanalyse – av Bjørn Egil Flø.....	12
2.2	Konsekvensar av utviklinga – av Liv Guri Velle .....	15
2.2.1	Økonomi .....	15
2.2.2	Økologiske konsekvensar .....	17
2.2.3	Den sosiale dimensjonen.....	19
2.2.4	Økologi, økonomi og sosiale verknader er tett kopla.....	19
2.3	Turistdestinasjonar og særlege utfordringar – av Johan Barstad.....	20
2.3.1	Innleiing .....	20
2.3.2	Folketal, busetnad og næringsliv .....	21
2.3.3	Interessekonfliktar.....	21
2.3.4	Allemannsretten .....	22
2.3.5	Makttilhøve i ubalanse .....	22
2.3.6	Kan dagens marginaliserte Landbruk skape/vedlikehalde opplevingskvalitetane? .....	24
2.3.7	Vil nye turisttilnærmingar bringe turiststraumane ut i utmarka? .....	26
2.4	Kva må til for å få endring? – av Liv Solemdal, Unni Støbet Lande & Kristin Sørheim .....	27
2.4.1	Kva meiner folket som bur der? .....	27
2.4.2	Berekraftige driftssystem .....	31
2.4.3	Landbrukspolitikk.....	34
2.4.4	Turisme og gardsdrift.....	37
2.4.5	Økosystemtenester og verdsetting .....	41
2.4.6	Utvikling av nye forretningsmodellar .....	42
2.5	Forskningsbehov – av Håvard Steinshamn .....	44
3	Samandrag .....	46

# 1 Innleiing

## 1.1 Om prosjektet

Norges Forskningsråd utlyste i 2016 midlar gjennom programmet Miljøforsk, til nettverk som skulle sjå på korleis ein kan nytte utmarksressursen til auka verdiskaping samstundes som ein tek omsyn til miljø og berekraft. NORSØK, NIBIO, Møreforsking Ålesund, NTNU, Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen og Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap fekk løying til søknaden som vi hadde kalla: «Berekraftig verdiskaping i verdsarvområde og andre beiteområde med store verdiar og unytta potensiale knytt til utmarksressursen», også kalla VERDI-prosjektet.

Hovudmålet med arbeidet var å sjå verdien til utmarksressursane på ein ny måte, gjennom nye samarbeid mellom primærnæringane og andre næringar og nye forretningsmodellar.

Delmåla var å vurdere og prioritere forskingsbehov, utvikle kunnskap om berekraftige forretningsmodellar og posisjonere nettverket for eit større forskingsprosjekt gjennom kunnskap etablert i prosjektet.

VERDI-prosjektet skulle studere og drøfte om og korleis ein kan skape verdiar frå ulike økosystemtenester i landbrukets kulturlandskap. Vi skulle vurdere kva slags driftssystem som er eigna for å nytte både innmark og utmark til landbruksproduksjon og tilleggsnæringar og særleg sjå på verdsarvområda i det vest-norske fjordlandskapet, der turistnæringa har vorte ein vesentleg del av levegrunnlaget. Der kan landbruket anten marginaliserast fullstendig eller bli ein del av ei ny verdikjede. Husdyrhald er ein nødvendig del av driftsopplegga i slike område og dyrehaldet må ivareta god dyrevelferd og dyrehelse og gje dyra høve til naturleg åtferd for at det skal vere forsvarleg og berekraftig.

Vi skulle utvikle kunnskap om moglege nye og berekraftige forvaltningsmodellar for å auke verdiskapinga og livskrafta i lokalsamfunna. Effekt av driftssistema på klima og miljø, og særleg sikring av biologisk mangfald, er avgjerande for framtidig produksjon og overleving. Eit anna viktig spørsmål er korleis ein kan involvere lokalbefolkninga i avgjerder og bygge merkevarer rundt lokale produkt og tenester.



Bilde 1: Kulturlandskap og kulturminne på Hellesylt. Foto: Kristin Sørheim

## 1.2 Bakgrunn

I Europa er trusselen mot utmarksressursane nedbygging og intensiv bruk, medan det snarare er det motsette, fråver av bruk, som er den største utfordringa her til lands (Lindgaard & Henriksen 2011).

Utmarka inneheld viktige natur- og kulturressursar som er forma av bruk gjennom generasjonar (Norderhaug et al. 1999).

Sjølv om utmarka har viktige verdiar og høg status, er det utfordrande å finne økonomiske og miljømessige berekraftige bruksmodellar for utmarka, ja for landbruket i det heile.

Når bruken fell bort, gror kulturlandskapet til, og verdiane går tapt. Difor hastar det med å finne fram til og legge til rette for nye samarbeid og driftsmodellar som er økonomisk og miljømessig berekraftige over tid.

Det er gjerne ulike interesser mellom generasjonar og kjønn og mellom lokalbefolking og forvaltning, og det er ein viktig føresetnad at dette blir balansert i nye, berekraftige forretningsmodellar.

I tillegg til å ha ein eigenverdi bidreg naturen med tenester som menneska har direkte og indirekte nytte av, også kalla økosystemtenester eller naturgode. Naturgode er ofte fellesgode som vert utnytta gratis, og dette kan igjen føre til overforbruk av naturen og at naturgode vert øydelagd eller forringa. For å hindre at viktige økosystem går tapt, må det etablerast reglar og system som sikrar naturverdiane (NOU 2013:10). Det er difor særleg interessant å sjå på bruken av utmarksressursane gjennom ei økosystemtenestetilnærming.

Det norske kystlandskapet og verdsarvområda spesielt, trekkjer til seg enorme mengder med besøkande. Her kan det potensielt vere ein stor direktemarknad for lokale bedrifter, og desse kan

igjen kanskje utnytte utmarksressursane til ulike produkt, anten det er mat eller opplevelingar (Hultman et al. 2015).

Ei viktig arbeidshypotese for prosjektgruppa i VERDI-prosjektet har vore om kopling mellom ulike næringar og interesser kan auke lokal og regional verdiskaping, basert på berekraftig matproduksjon, og kunnskapsbasert turisme.

Vi har valt å nytte relevante verdsarvområde som «case», fordi desse har naturbaserte og/eller kulturelle nøkkelkvalitetar som ligg til grunn for namnet, Outstanding Universal Value (OUV).

Kunnskapen er likevel overførbar til andre område. Områda er også utsett for «forvitring» i forhold til sin verdsarv, slik som attgroing av kulturlandskapet, fråflytting, forureining, krav om nye driftsformer i landbruket, landbrukspolitikken, turistpolitikken, transport, energibruk m.m.



Bilde 2: Fossefall i Geirangerfjorden. Foto: Kristin Sørheim



Bilde 3: Turistar på ferje mellom Hellesylt og Geiranger. Foto: Kristin Sørheim



Bilde 5: Cruiseskipa fyller fjorden i Geiranger. Foto: Kristin Sørheim



Bilde 6, 7 & 8: Mange slags opplevingar i verdsarvområdet. Foto: Kristin Sørheim

### 1.3 Arbeidsmetode og materiale

Som arbeidsmetode har vi valt å tilnærme oss problemstillingane på ulike måtar, som workshops, spørjeundersøking/intervju, befaring og diskusjonar.

Vi har samla deltakarane i nettverket til fire arbeidsmøte, der vi har sett søkerlyset på ulike tema og der vi har invitert eksterne innleiarar med ulik bakgrunn. Det har vore både interne og eksterne innleiarar, frå andre forskingsmiljø, frå kommunar, frå landbruks- og turistnæringa og frå tilgrensande forskingsprosjekt:

- Professor emeritus Erling Berge, NMBU: Det institusjonelle grunnlaget for berekraftig vern og bruk
- Næringsjef i Stranda kommune, Inge Bjørdal: Kulturlandskap i verdsarvområde
- Forskar Agnes Brudvik Engeset, Vestlandsforsking: Berekraftig verdiskaping i verdsarvområda
- Seniorrådgjevar Yngve Rekdal, NIBIO: Utmarksbeite- ressursgrunnlag og bruk
- Forskar Bjørn Egil Flø, NIBIO: Berekraftig produksjon og driftssystem
- Viserektor ved NTNU Ålesund, Annik Magerholm Fet: Bærekraftige forretningsmodeller
- Dagleg leiar Kristin Bendixvold: Rørosmat SA
- Hotell Union Geiranger, Monja Mjelva: Rammebetingelser og forvaltning
- Stipendiat ved NTNU Børge Heggen Johansen: SUSTRANS (Sustainable transport system)
- Forskingsleiar Liv Guri Velle, Møreforskning Ålesund: Økosystemtjenester
- Økonom Kristin Magnussen: Verdsetting av økosystemtjenester
- Styreleiar i verdsarvrådet, Arne Sandnes: Rammebetingelser og forvaltning
- Dagleg leiar i Nærøyfjorden Verdsarvpark Erling Oppheim

- Professor Peter Fredman, NMBU: Om Biotour (eit fireårig, tverrfagleg forskingsprosjekt finansiert av NRF)
- Forskar Øivind Strand, NTNU: Om Teft-labben ved NTNU (Tenesteinnovasjon, entreprenørskap, finans og teknologi)

Vi har gjennomført intervju av nokre utvalde bønder og andre ressurspersonar i studieområdet. Noko av det første vi fekk høre da vi starta prosjektet, var at lokalbefolkninga er trøytte av prosjekt og forskarar som «kjem og spør og tek prøver og reiser heim og skriv», utan at det fører til endringar i lokalsamfunnet. Vi valde difor ut , på bakgrunn av lokalkunnskap, intervjuobjekt som vi meinte kunne gje ei breidde av synspunkt. Intervju-objekta vart besøkt og intervjuet ansikt til ansikt eller på telefon eller e-post. Intervjumål er vedlagt rapporten.

Vidare har vi delteke på eit godt besøkt dialogmøte arrangert av Norddal kommune om utviklinga i landbruket i området, og på to årlege konferansar i regi av Grøn Fjord, der verdsarvstatus og utvikling i verdsarvområdet var tema. Det første arbeidsmøtet for prosjektgruppa vart lagt til Geiranger og det siste til Flåm (Nærøyfjorden), slik at vi også kunne få litt førstehands kjennskap til studieområda våre.

Arbeidsmøta har elles vore bruk til refleksjon og diskusjon.

Materialet som er innsamla gjennom nettverksarbeidet består av foredrag, møtereferat, intervju og kronikkar publisert av medlemmer i nettverket.

Arbeidet var organisert i fire faglege arbeidspakkar med kvar sin faglege ansvarlege forskar. Avslutningsvis har vi valt å summere arbeidet i denne rapporten, med hovudfokus på følgjande tema: Situasjonsanalyse - Konsekvensar av utviklinga - Turistdestinasjonar og utfordringar - Kva må til for å få endring og aktuelle forskingsbehov framover.



*Figur 1: Organisering av prosjektet med prosjektleiing og arbeidspakkeleiing.*

## 2 Resultat

### 2.1 Situasjonsanalyse – av Bjørn Egil Flø

Då Inge Krokan i 1942 skreiv sin artikkel om Det store hamskifte i bondesamfunnet i band V av Norsk kulturhistorie såg han tilbake i tid. Han såg på endringane i landbruket på 1800-talet, særleg frå 1850 og fram til om lag 1930, og skildra dei sosiale, økonomiske og kulturelle endringsprosessane i dei norske bygdesamfunna frå det tidspunktet då endringane går frå å vere sporadiske og langsame – for kvar mannsalder mesta umerkelege – til å bli raske og gjennomgripande, med sterkt aukande tilpassing til marknadsøkonomi og pengehushald. Bondesamfunnet og dei norske grendene vart då omskapt slik «at dei mest ikkje er attkjennande», skriv Krokan i 1942. Det var drive fram av; mekanisering og jamt aukande politisk semje om grunnleggande frihandelsprinsipp.

Etter andre verdskriga tok slutt og landet starta arbeidet med å kome seg på fote att var det nett mekanisering og marknadsøkonomi som skulle til for å bygge det nye Noreg. Det var dei fleste samde om, for det var dette som var sjølve industrialisingsprosessen. Og industrialiseringa var ein del av moderniseringa, og den la seg tett inntil tankane til det jamt sterkare Arbeiderpartiet.

Teknologiseringa og effektiviseringa i landbruket held fram heile 50, 60 og 70 talet. Tross stor mediemerksemdu knytt til svoltkatastrofar og ei erkjenning om at me trong meir mat, tross auke i produktiviteten i landbruket, så evna ikkje landbruket å henge med på lønnsutvikling som kom resten av befolkninga til gode. Krisa hadde gjort seg gjeldande lenge, nedgangen i talet på bruk framover heile 50 og 60 åra var høg og særleg høg var den i regionar der tilgangen til anna arbeid var god. Men med inntoget av ein løfterik oljeøkonomi vart krisa rett djup - og kulminerte med skattenekta, ei elles så uvant form for aksjonisme, på Hitra i Trøndelag. Hitraaksjonen i kombinasjon med behovet for å bruke nokre oljepengar før ein eigentleg hadde tent pengane, gjorde sitt til at det vart løyvd midlar til å trappe opp landbruket ytterlegare. Kring om i heile landet reiste det seg tårnsiloar og fine båsfjøs med mjølkerom plassert som eit midtskip på langsida.


Det kom nokre gode år for norske bønder etter opptrappinga, men åra var knapt like gode for bøndene som dei var for resten av befolkninga. Aldri rakk bøndene det lønnsnivået dei var lova i samband med opptrappinga, nærest var dei i 1983, då gjennomsnittsinntekta át gjennomsnittsbonden var tett på å tangere industriarbeidarløna.

Siste halvdel av 80-talet synte resultata av effektiviseringa seg. I Europa var det smørberg så store som fjell og det vart naudsynt å ta grep for å hindre overproduksjon i heile landbrukssektoren. Dermed vart jamt meir av produksjonane regulert og reguleringsansvaret vart gradvis lagt meir og meir over på dei bondeeeigde samvirka.

Samstundes sat ein og forhandla om eksport av landbruksvarer i Uruguay. GATT kom med storm inn i den heimlege landbrukspolitiske debatten. Fruktdyrkande hardingar og sogningar var jamt på Dagsrevyen og tykte «*Amerikanaradne har vorte noko objålege*» som kravde retten til å eksportere frukta si til den norske marknaden sjølv når me nett hadde fått hausta vår eiga. Men i Landbrukets hus i Schweigaards gate visste dei at her vil fort både kjøt og korn raskt måtte gå same vegen.

I arbeidet med å verne vårt heimlege landbruk vart det starta eit omfattande arbeid med å skifte «farge» på ordningane som skulle støtte det norske landbruket. Støtteordningane som WTO definerte som blå og delvis gule skulle no malast grøne og dermed gjerast «lovlege» i det nye regimet og i kjølvatnet av denne «malerjobben» kom også eit nytt omgrep inn i det norske vokabularet.

Multifunksjonelt landbruk vart det nye mantra. Sjølv om landbruket hadde vore multifunksjonelle i alle år vart det no formelt laga ordningar som skulle definere det tydlegare enn nokon gong. Nye verkemiddel vart utforma for å stimulere til produksjon av kollektive gode som biologisk mangfold og estetiske landskap. Dermed gjekk me inn i ei ny epoke for landbruket, den sokalla post-produktivistiske epoken.



Figur 2: Produktivisten kulminerte med «smørberg» og GATT frå kring midten av 1980-talet og framover på 1990-talet tok det multifunksjonelle landbruket oss inn i ei kort post-produktivistisk epoke som vara fram til Lars Peder Brekk la fram si landbruksmelding «Velkommen til bords» like før jul i 2011.

Den post- produktivistiske episoden fall saman med omfattande endringar i dei distriktspolitiske verkemidla. I 1992 vedtok Stortinget å slå saman Distriktenes utbyggingsfond, Industrifondet og Småbedriftsfondet til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND). Og stortingsmeldinga med den historiske tittelen «By og land hand i hand», vert av Håvard Teigen halde fram som ei melding «av stor historisk interesse fordi den særnorske distriktpolitikken blir avvikla med denne meldinga» (Teigen 1999, s.203).

Mot slutten på 90-talet og framover på 2000-talet vart mykje av næringspolitikken inngjerda av EØS-avtala og moglegheita til å ta i bruk klassiske næringspolitiske verkemiddel som billeg kreditt, rimeleg kraft, rentefrie lån og andre støtteformer i krisetider, var mykje godt fjerna. Det me gjerne omtalar som *globaliseringa* gjorde seg med andre ord stadig meir gjeldande for store delar av næringslivet, også i distrikta. Ein jamt tettare økonomisk, politisk og kulturell integrasjon med Europa og til dels også resten av verda, avgrensa rommet for tradisjonell næringspolitikk, og etter kvart vart også bygdene innhenta av jamt meir ny-liberale strøymingar som starta å prege lokalsamfunna.

Store strukturendringar i primærnæringane våre har hatt omfattande lokale ringverknadar. Og i takt med at «den store distriktpolitikken» – som har vore berebjelken i norsk bygdepolitikk i fleire tiår – såg ut til å rakne, vart det no «den vesle distriktpolitikken» bygdene laut sette sin lit til. No skulle bygdene byggast med prosjektpengar.

Overalt, framover på 2000-talet, kunne me lese reportasjar og portrettintervju med unge nytilsette prosjektleiarar som arbeida med å gjere bygdene attraktive for reisande så vel som tilbakeflyttarar og kontraurbane nyutdanna småbarnsfamiliar som drøymde om rural idyll. Den politiske motkulturen som prega den kontraurbane bygdetilflyttaren på 70-talet var no erstatta av det Anne Viken (2009) kalla «*glatt medkultur, puddersnø og snøbrett*» i sin bitande kritikk av Sogn og Fjordane si satsing på til- og tilbakeflyttarar. Den ibuande bodskapen åt dei mange tilbakeflyttarprosjekta kring om i landet var: Er du ressurssterk og har overskot, flytt til distriktet. Bygde-Noreg skulle no selje seg ved hjelp av Innovasjon-Noreg-finansierte reklamepakkar som spelte på lett underhaldning linka til friluftsliv og avslapping.

Bakgrunnen var ein politikk der natur- så vel som kulturverdiane vart vektlagt som jamt meir viktige innsatsfaktorar for nye næringar. Det var ein politikk tufta på eit ønske om å legge til rette for kreative verksemder over heile landet og med det skape lokalsamfunn som vart opplevt som meir attraktive, særleg for dei unge. Stikkorda var opplevelingar, identitet og distingverande symbol. Eller som ho sa, dåverande Kommunal- og regionalminister Åslaug Haga, då ho presenterte Regjeringa sin handlingsplan for kultur og næring i juni 2007: «*Ved å satse på næringsutvikling som også er basert på kultur, opplevelser og fritid så vil dette være med å gi identitet og attraktivitet til et sted. Kultur og opplevelser betyr mye for folk, uansett hvor i landet en bor*». Haga hadde også varm støtte frå både Næringsminister Dag Terje Andersen og Kulturminister Trond Giske som båe hadde arbeidd saman med Haga om å utforme handlingsplanen.

Det som før hadde heitt «by og land – hand i hand» var no døypt om til «landbruk og reiseliv – hand i hand». Det vart etablert «omvegar» og «framtidssfylke» og mesta alle hadde eitt eller fleire «hjarte for» bygda si. Men me såg gradvis at det var vanskeleg å lykkast nemneverdig bra som både bonde og turistvert på ei og same tid. Derimot såg «destinasjonane» ut til å lykkast. Innovasjon Norge og NHO-reiseliv satsa sterkt på nettopp destinasjonsutvikling, og få såg ut til å uroe seg nemneverdig for kva som kunne kome (*for nærmare drøfting sjå 2.4.4*).

Gradvis kunne ein finne fleire og fleire lesarinnlegg og kronikkar frå lokalbefolkinga kring om i grendene som ligg i eller i nærleiken av dei store destinasjonane våre som klaga på for mange turistar, bubilar og forsøpling langs vegar og rasteplassar. I fjordbotnane låg røyken frå turistskipa sine tungoljedrivne generatormotorar som skodde langs fjellsidene og somme dagar kunne ein kjenne det svi i augo. Etter kvart dukka det også opp ei og anna reportasje i avisene om lokale demonstrasjonar der lokalbefolkinga kravde tiltak for å redusere ulempene som følgde i kjølvatnet av reiselivet.

Truleg er den einsidige tenkinga kring destinasjon ei av forklaringane til at me har hamna der me er no i norsk reiseliv. Den Glasgow baserte reiselivsforskaren Richard Butler har i fleire år åtvvara mot nett ei slik satsing. Innanfor det politisk-økonomiske systemet me har i det meste av den vestlege verda i dag, seier Butler et al. (1998), vil ein destinasjon berre ha ei tilmålt levetid. Han skildrar dette med å referere til eit produkts levetid og den velkjente S-kurven. Det uløyste problemet er det jamt aukande talet på reisande og den innverknaden denne veksten har på lokalsamfunna så vel som på sjølve destinasjonen. Men, seier Butler vidare, korkje industrien eller myndighetene ser ut til å anerkjenne at talet på turistar er eit problem som må handterast og regulerast. Resultatet vert at både dei reisande sjølve og lokalbefolkinga opplever at eksklusiviteten til lokalsamfunnet svinn.

Dermed forsvinn også dei reisande med størst betalingsvilje saman med dei lokale som trivst jamt mindre i rolla som «reiselivskulissar». Tilbake set lågtlønt utanlandsk arbeidskraft på midlertidige stillingar i ein industri prega av låg organisasjonsgrad og liten eller ingen sosial mobilitet.

Det kan sjå ut som at dei store aktørane i norsk reiseliv har evna dårleg å utnytte det særene med det norske reiselivslandskapet. Altså det som skil seg ut ifrå kva størsteparten av konkurrentane kan tilby. Framfor å lage eit bulkprodukt, altså eit produkt der auken i verdiskaping fyrst og fremst skjer gjennom å auke volumet, bør ein truleg satse på å spisse seg tydlegare i marknaden og finne nisjar på verdsmarknaden som er villig til å betale meir for dei særskilt gode produkta. Då kan verdiskapinga auke utan å auke talet på reisande.

I Innovasjon Norge si eiga undersøking «Nordmenns syn på turisme 2018», kan ein sjå at heile 72 prosent av dei som bur i pressområda opplever at lokalsamfunnet deira er over-turistifisert. Dei opplever at infrastruktur som vregar og anna er overbelasta og at turistane slit på landskapet og gjer vilkåra for andre næringsutøvarar vanskeleg. Dette bør næringa ta inn over seg og starte lage ein strategi for å utvikle ei reiselivsnæring som kan bidra til ei berekraftig utvikling for lokalsamfunnet så vel som for sjølve reiselivsnæringa.

## 2.2 Konsekvensar av utviklinga – av Liv Guri Velle

I dette kapittelet ser vi på korleis situasjonen er i dag når det gjeld økonomisk, økologisk og sosial berekraft i landbruket generelt og verdsarvområda spesielt.



Bilde 9: Geiranger, gamle og nyare gjerder. Foto: Inge Bjørdal

### 2.2.1 Økonomi

I Noreg er landbruksproduksjonen relativt stabil, men talet bruk går ned. Medan klima og topografi er viktige faktorar for kor det blir drive jordbruk, er jordbrukspolitikken viktig for kor dei ulike produksjonane ligg i landet (Knutsen 2017). Både Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet er fjordlandskap med topografi som gjer det utfordrande lykkast med store produksjonseininger. Det er særleg innmarksareala som er små, medan utmarksareal som mellom anna inkluderer fjellbeite, er

større. Tradisjonelt har det vore vanleg å sjå på innmark og utmark som ei økologisk eining, og der ressursane samla sett har vore viktige. I dag har utmarka som leverandør av ressursar blitt mindre viktig, særleg langs kysten (Moen 1998).

I Geirangerfjordområdet har det gjennom arbeidet i VERDI-prosjektet mellom anna kome fram haldningar om at ein ikkje kan forvente at landbruket klarer å halde ved like eit kulturlandskap som samfunnet ønskjer å ha, så lenge konjunkturane i norsk landbruk har hatt eit uttalt mål i mange år om effektivisering og større bruk. Hotellnæringa er tydelege på at eit levande kulturlandskap er viktig for turistar som besøker Geiranger som destinasjon, og er urolege over at det vert stadig færre brukarar igjen i primærnæringa. Den same uroa finn ein hjá Verdsarvrådet Vestnorsk fjordlandskap, der styreleiar er redd at gjengroing av kulturlandskapet kan føre til at ein mister verdsarvstatusen.

For Geirangerfjordområdet har ein særleg sett at det har vore utfordrande å finne det økonomisk berekraftig med dagens landbrukspolitikk. Dette har vore diskutert på ein rekke lokalpolitiske møter dei siste åra, der det har vore peika på at manglande økonomi i norsk landbruk er ei viktig årsak til nedgangen av tal bruk. Gjennom det siste året har rovdyrplage og tap av sau til jerv i utmarksområda rundt Geirangerfjorden vore peikt på som både ei psykisk belastning for gardbrukarane, og eit økonomisk tap. Dette i kombinasjon med låge priser på sauekjøt, som følgje av nasjonal overproduksjon og handelsavtalar, gjer at nok ein sauebonde gir seg i 2018. Statistikk frå Fylkesmannen viser at talet beitedyr i Verdsområdet Vestnorsk fjordlandskap samla sett i perioden 2009-2016 endrar seg. Det er ein nedgang i tal sau og lam (frå 453 til 275) og storfe (frå 27 til 0), og ein auke i tal geiter og kje (frå 842 til 1147) og hestar (frå 4 til 7) i perioden.

Gjennom arbeidet i VERDI-prosjektet har vi diskutert landbruket si rolle som leverandør, ikkje berre av tradisjonelle matprodukt, men også som leverandør av ulike naturgode, eller økosystemtenester. Behovet for metodar og verktøy for å kunne fastsette verdiar av økosystemtenester kom på dagsorden i 2005, med FNs store økosystemutredning Millennium Ecosystem Assessment, som blei adressert gjennom initiativet til The Economics of Ecosystems and Biodiversity i 2007 (TEEB 2007). Hovudmålet var å synleggjere dei økonomiske bidraga frå verdas økosystem.

I VERDI-prosjektet har vi halde oss til naturgode som kjem frå kulturlandskapet (semi-naturlege naturtypar), og som bidreg til menneskeleg velferd i ei eller anna form. Det kan eksempelvis vere eit landskap med variasjonar av ulike naturtypar, biologisk mangfald, opne turområde med høg rekreasjonsverdi, dyretrakk som kan nyttast til turstiar og anna. Verdsarvområda er interessante i så måte, ettersom fleire naturgode er viktige for tertiærnæringa, som marknadsfører og sel tenester knytt til kulturlandskapet. Dei fleste økosystemtenester har verken marknadspris eller prislapp, ettersom gode ikkje vert omsett direkte. Prosjektgruppa har ikkje lukkast i å finne nokon eksempel på økonomiske modellar der det går ein pengestraum frå tertiærnæringa til primærnæringa som produserer nokon av premissane bak salet av tenester.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv og Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap, valde i 2019 å hente inn kunnskap frå fagmiljø for å hjelpe forvaltninga med å kartlegge kva verkemiddel som kan nyttast for å hindre attgroing i kulturlandskapet i verdsarvområdet. Konkret ønskjer ein å finne ut om det finns element i modellane for sveitsisk fjellandbruk som kan utfylle den eksisterande tiltakspakken som er godkjent for verdsarvbønder i Vestnorsk fjordlandskap (sjå også avsnitt 2.1.4).

Det har over tid vore påpeikt at det ligg mange verdiar i kulturlandskapet til Verdsarvområda, og randsoneområda rundt. Her har ein mellom anna vist til at landbruket står heilt sentralt for å oppretthalde eit kulturlandskap som er økonomisk viktig for turistnæringa. Storfjordprosjektet (2001-2003) konkluderte gjennom sitt arbeid at desse områda treng heilskapstenking og samordning utover det som er vanleg i norsk landbruk, og at det er viktig med målretta verkemiddel frå fleire sektorar (Holme & Norderhaug 2004).

## 2.2.2 Økologiske konsekvensar

I VERDI-prosjektet har vi brukt Verdsarvområda «Vestnorsk fjordlandskap» som studieområde. Vestnorsk fjordlandskap dekkjer både Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet. Samla inkluderer områda fem naturreservat og tre landskapsvernombaner. Vestnorsk fjordlandskap har som felles forvaltningsmål å sikre både natur- og kulturverdiane. Bakgrunnen for innskrivinga på UNESCO si verdsarvliste i 2005 er særleg knytt til klassiske, framifra velutvikla fjordar, som vert rekna for å vere typelokalitetar for fjordlandskap i verda. Dei Vestnorske fjordane utpeikar seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Landskapa er i tillegg vakre, med tronge dalgangar, stupbratte fjellveggar, fossar og naturfenomen på land og i vatn. I tillegg tilfører kulturlandskapet med gardsbruk og stølar ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien i området). Gjennom prosjektet har det komme fram at tertiærnæringa i begge områda ser det som viktig at kulturlandskapet vert halde i hevd, og at kulturlandskapet i seg sjølv vert sett på som eit produkt frå primærnæringa som har ein verdi i produksjonen av teneste. Prosjektgruppa konkluderer med at trusselen om nedgang av naturtypar og biologisk mangfold er større i Geirangerfjordområdet enn i Nærøyfjordområdet, der sistnemnte har ein meir omfattande landbruksaktivitet på både innmark og utmark. Særleg er utmarka i Geirangerfjordområdet trua, då tradisjonell bruk med beiting, slått og hausting no i stor grad har tatt slutt, og naturtypane gror att med busker og kratt. Suksjonen gjer at særleg lyskrevjande planteartar vert konkurrert ut til fordel for meir skuggetolerante artar, og spor etter kulturhistorie i form av steingardar, utmarksloer og anna vert gøymt i småskog (Norderhaug et al. 1999).

Tapet av biologisk mangfold skjer i eit høgare tempo enn tidlegare, og har fått stort fokus både nasjonalt og internasjonalt. FNs naturpanel konkluderer i sin første hovudrapport at det store tapet av artar skuldast endra arealbruk, direkte utnytting av organismar, klimaendringar, forureining og spreying av framande, skadelege artar til nye område (IPBES 2018a). Dei naturlege økosystema har gjennom dei siste 50 åra blitt redusert med om lag 50 %, noko som skuldast at økosystema har gått over til anna areal. På land har eksempelvis 75 % av alt areal blitt vesentleg endra, og eit stort tal artar har ikkje tilstrekkeleg med habitat til å kunne overleve på sikt (IPBES 2018a). For Europa sin del, trekk ein fram nedgang i tradisjonell skjøtsel, og då særleg beitebruk, som ein viktig faktor til tap av habitat og artsmangfold (IPBES 2018a; IPBES 2018b).

Konklusjonane til FNs naturpanel stemmer overeins med arbeidet ein finn att i «Norsk rødliste for naturtyper» (Artsdatabanken 2018). Her er 29 % av alle naturtypar i Noreg vurdert som trua, det vil seie dei står i fare for å gå tapt frå norsk natur i løpet av vurderingsperioden på 50 år. Raudlista har landbruk som viktigaste årsak til raudlisting, og dette inkluderer jordbruk, skogbruk, skoggreising, buskap og opphøyr i drift. Nokre av naturtypane i Norge er særleg tett knytt til landbruket, dette er dei semi-naturlege naturtypane. Desse naturtypane er forma gjennom langvarig ekstensiv skjøtsel,

slik som beiting, slått eller lyngsving. Naturtypane kan ha blitt rydda for stein og skog, men dei har ikkje vore utsett for dyrking, der ein har pløgd, grøfta og tilsett kunstgjødsel og eventuelt plantevernmidlar (Hovstad et al. 2018). Eit karakteristisk trekk for semi-naturlege naturtypar i Noreg er den omfattande historiske bruken gjennom allsidig hausting og der ein tradisjonelt har hatt eit uttak av næringsstoff (Moen 1998).

Dei semi-naturlege naturtypane er avhengige av rett type skjøtsel og rett type bruksintensitet, for å oppretthalde sitt karakteristiske artsmangfald og økologiske funksjonar (Hovstad et al. 2018).

Ophøyр eller for låg bruksintensitet vil gjere at artssamansettinga og økologiske funksjonar i naturtypane vert endra som følgje av suksjon og gjengroing. For høg bruksintensitet, inkludert dyrking, tilsåing, bruk av plantevernmidlar, eller gjødsling med kunstgjødsel og store mengder husdyrgjødsel, er ein annan trussel. Her til lands er alle dei fem semi-naturleg naturtypane vurdert som trua. Av desse har slåttemark blitt vurdert til kritisk trua (CR), grunna sin svært store reduksjon i areal dei siste 50 åra. Semi-naturleg strandeng og kystlynghei er vurdert til sterk trua (EN), og semi-naturleg eng og boreal hei til sårbar (VU). Nedgang i areal, endra bruk og forringing av tilstand er viktige årsaker til at naturtypane er raudlista (Hovstad et al. 2018).

Verdsarvrådet har teke til orde for at ein er redd at ein kan miste verdsarvstatusen dersom kulturlandskapet gror att. Kulturlandskapet endrar seg fort, og utan bruk vil semi-naturlege naturtypar endre seg mykje allereie gjennom ein 50-års periode. Dei første endringane skjer i form av at lyselskande og konkurransesvake planter, som har fått ein konkurransefordel ved at slått og beiting held andre artar nede, vert skygga ut. Meir skyggetolerante artar kjem inn, og suksjonar i form av innslag av høgstaudevegetasjon, som eksempelvis geitrams, mjødurt, sølvbunke, og etter kvart også busker, kratt og tre. I Geiranger er allereie gjengroinga i gang i stor stil. Samanliknar ein biletet frå Geiranger frå tidleg 1900-talet med dagens biletet, ser ein at store delar av utmarka allereie har grodd igjen, og at dei områda som framleis er opne er knytt til dei bruka der det har vore bruk fram til i dag. Ei kartlegging av utmarka rundt hyllegarden Skageflå i Geiranger, konkluderer med at utmarka inneheld ein rekke både verdiar knytt til kulturminne- og spor etter bruk samt biologiske verdiar (Thorvaldsen 2009). Dette er verdiar som er særleg knytte til tidlegare seterdrift i området. Rapporten skildrar at gjengroinga i enkelte naturbeitemarker går seint, sjølv om det ikkje er husdyrbeite i området lengre. I slåttemarka derimot, har endringane vore store, og lokalitetane er ikkje lengre naturtyperepresentative (Thorvaldsen 2009).

Det vil ikkje vere realistisk å vente at alt kulturlandskap skal ha same hevd som for hundre år sidan. Landbruket vi samanliknar oss med kjem frå ei tid då ressursane var knappe, innmark- og utmarksressursane utgjorde ei økologisk eining, og sjølvbergning var viktig (Moen 1998). I dag er mellom anna rammene i samfunnet annleis, arbeidet i landbruket er fordelt på færre hender, og utmarksressursane har blitt mindre viktige. Som påpeikt i skjøtselsplanar og rapportar, må ein gjere nokre val i forhold til kva ein ønskjer å restaurere eller ivareta av det ein har igjen av kulturlandskap (Norderhaug et al. 2004; Thorvaldsen 2008; Thorvaldsen 2009). Gjengroingar av kulturlandskapet har kome lengre i Geirangerområdet enn i Nærøyfjordområdet, ettersom ein større del av utmarka i Nærøyfjordområdet framleis er i bruk.

### 2.2.3 Den sosiale dimensjonen

Nærøyfjordområdet har i mykje større grad enn Geirangerområdet lukkast med å oppretthalde aktive bønder. Gjennom VERDI-prosjektet har det blitt trekt fram at fagleg samarbeid mellom gardbrukarar i Nærøyfjordområdet. Her har ein også lukkast med generasjonsskifte på fleire av bruka, og yngre krefter har kome til og fått sette sitt preg på drifta. Det er i dag fleire tilskotsordningar å søke på for å støtte opp om landbruket i desse områda, her kan ein nemne mellom anna arealbidrag, beitebidrag, kulturbidrag (restaurering av gamle bygningar og kulturelement) og investeringsbidrag til kulturlandbruket. Likevel, ser ein at det er ei utfordring å halde på talet brukarar i Geirangerområdet. Det er nok fleire årsaker til dette, men dårleg økonomi i landbruket samanlikna med anna arbeid, enkel tilgang til anna arbeid, svekka fagmiljø, behov for investeringar i driftsbygning og utstyrspark er eksempel på utfordringar som har kome fram gjennom arbeidet.

Det har også gjennom arbeidet vårt kome fram at det er viktig at ein i tida framover klarer å involvere landbruksnæringa i målretta arbeid for å styrke landbruket. Det har blitt ytra prosjekttrøyttelek, og frustrasjon av å «bli forska på» i staden for å bli inkludert og integrert i utviklingsarbeidet av landbruk og tilhøyrande politikk og samarbeid med andre næringar.

I Geiranger er den fastbuande delen av befolkninga redusert til under 200 personar. Heilårs busetting er trua, og med det heile lokalsamfunnet si framtid, inkludert verdsarvstatusen. I turistsesongen er både Geirangerområdet og Nærøyfjordområdet overbelasta med turistar, og med det tilhøyrande sesongarbeidet, men dette gjev ikkje eit stabilt og tilstrekkeleg stort lokalsamfunn over tid utan at ein greier å skape fleire heilårs arbeidsplassar og trekke til seg fastbuande.

### 2.2.4 Økologi, økonomi og sosiale verknader er tett kopla

Verdsarvområda opplever på lik linje med resten av landet ei endring i landbruket, der dei mest tungdrivne områda går ut av bruk. Dette går særleg ut over utmarksressursane, og dei semi-naturlege naturtypane, som i dag er på raudlista naturtypar. Endringane skjer hovudsakleg i form av gjengroing, og prosessane går nokså fort. Etter ein- til to generasjonar reknar ein med att dei semi-naturlege naturtypane har gått over til nye naturtypar. Det er særleg sviktande økonomi i landbruket, med dårleg økonomisk avkastning og store investeringskostnadars knytt til driftsbygning og utstyr, som får skulda for endringane. I tillegg kjem sosiale utfordringar knytt til at fagfellesskapa vert mindre, interessekonfliktar dukkar opp og fleire slit med rovdyrplage. Det ligg store verdiar i utmarka, både i form av kulturminne og biologiske verdiar, men også andre verdiar i form av fellesgode. Særleg turistnæringa peikar til landbruket har ei viktig rolle for at ein lykkast med å få turistar på besøk. Kulturlandskapet er også viktig for verdsarvstatusen i seg sjølv, ettersom kulturlandskapet er ein vitig del av kjerneverdiane til området (OUV).



Bilde 10: Geiter ryddar landskap. Foto: Inge Bjørdal



Bilde 11: Hesjer i bratt terrenget. Foto: Inge Bjørdal

## 2.3 Turistdestinasjonar og særlege utfordringar – av Johan Barstad

### 2.3.1 Innleiing

Stadar der natur og landskap er hovudattraksjonar kan ofte karakteriserast med å ha relativt mykje natur og relativt få fastbuande. Vidare er det ofte slik at dei fastbuande har (hatt) ei næringsmessig tilknyting til primærnæringane. Kombinasjonen av 'mykje natur' og 'lite synlege menneskelege inngrep' er ofte elementa som gjer desse stadane attraktive. Som vi har vist ovanfor er dette ein utfordrande situasjon for naturen og vedlikehald av biologisk mangfald – men det er også ei stor utfordring for lokalsamfunn, innbyggjarar og lokalt næringsliv.

Det norske landskapet er ofte like mykje eit kulturlandskap som eit naturlandskap, slik at det ein ser og opplever har vorte slik det står fram som eit kompromiss mellom dei naturlege prosessane og slik menneska gjennom generasjonar har brukta landskapet for å skaffe seg inntekter og utkome. Stølar med slåttenger og rike fjellbeite, lier med planta og kultivert skog, aktivt drivne gardsbruk spreidd utover i landskapet. Dette er biletet av Noreg – og kanskje det som karakteriserer Noreg til skilnad frå ein del andre naturdestinasjonar som t.d. på New Zealand og nordvest i Amerika. Ikkje minst, dette er biletet av Noreg som vi likar å vise fram. Hyllegardar på Vestlandet, får etter menneske i fjell og på vidder, vindskeive naust og fiskeplassar. Bilete som, ideelt sett, viser aktiv bruk og berekraftig forvaltning. Viser at menneske og natur kan leve godt saman.

Men – kan eit slikt idealbilete vere ved? Er det berekraftig? Representerer det ein røyndom som er sterkt nok til å takle endringane slike område opplever? Desse skal jo, i tillegg til å meistre den generelle sentraliseringa og fråflyttinga som bygde-Noreg opplever, også handtere dei bører som eit stadig aukande tal turistar og andre tilreisande representerer. Når tilstrøyminga i slike område aukar, er der stor fare for at det skal rokke ved den skjøre balansen som har vakse fram gjennom generasjonars bruk og forming av landskapet. Spørsmålet som då reiser seg er om slike område, ofte med lågt folketal, vil vere i stand til å møte slike utfordringar og sikre at også framtidige fastbuande og besökande kan nyte godt av dei unike landskapskvalitetane.

### 2.3.2 Folketal, busetnad og næringsliv

Verdsarvområda vert representert gjennom Det vestnorske fjordlandskapet (Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet). Dei to områda er i hovudsak heimehøyrande i kvar sine kommunar: Stranda i Møre og Romsdal og Aurland i Sogn og Fjordane. For Stranda sitt vedkomande, er verdsarvområdet i hovudsak knytt til Geiranger grunnkrins – særleg kva gjeld eigedomstilhøve (eigarar av gardar og bruk) og sysselsetjing innan turisme/reisliv. For Aurland vert heile kommunen ei meir naturleg eining å bruke når det gjeld verdsarvområdet.

Per 1.1.2019 hadde Stranda 4565 innbyggjarar medan Aurland hadde 1764. Men kva gjeld folketal (og busetjing), så utgjer Geiranger berre ein liten del av Stranda kommune. I Geiranger grunnkrins, som femner om det aller meste av Geiranger verdsarvområdet, var tal busette 235, av desse var 134 i alderen 25-66 år. Aurland hadde 976 i same aldersgruppa. Hos begge to er det om lag like mange kvinner som menn (SSB 2019).

For båe områda er det vanskeleg å finne gode tal for sysselsetjing. Dels skuldast dette at dei har høg sysselsetjingsimport i sesongen, og at mykje av den økonomiske aktiviteten kring reisliv knyter seg til aktørar som er registrert andre stadar – både i Noreg og i utlandet. For Geiranger sitt vedkomande spelar det og inn at det ikkje vert offentleggjort sysselsetningsstatistikk på grunnkrinsnivå. Men, ut frå det vi har røynt gjennom prosjektarbeidet ser vi at for båe områda er det sysselsetjing knytt til turisme/reisliv som dominerer. Attåt dette kjem offentleg sysselsetjing i Aurland. Vidare har vi røynt at det er relativt låg aktivitet innan primærnæringane. I Geiranger er det mindre enn 5 aktive bruk. Det er fleire i Aurland, men også der utgjer talet på aktive bønder ein liten del av sysselsetjinga. Og – ikkje minst viktig – det låge talet på aktive brukarar gjer at store deler av landskapet i verdsarvområda ikkje har ei aktiv forvaltning. Det vert i stor grad opp til dei få aktive brukarane å drive det vi kan kalle avbøtande tiltak for å motverke uønskte verknader på landskapet, det vere seg knytt til attgroing eller til hard belastning grunna auka bruk frå nye brukargrupper. Dette gjer at vi står overfor ein situasjon der dei primære forvaltarane av landskapet – grunneigarane – ikkje vil vere i stand til å yte den innsatsen som må til. Ikkje nødvendigvis fordi dei ikkje vil eller ikkje kan, men fordi mange av dei ikkje lenger er del av det aktive landbruks- og naturforvalningsregimet og fordi dei er for få.

### 2.3.3 Interessekonfliktar

Interessekonfliktar oppstår og vert forsterka i slike situasjoner som er omtala over. At landbruket åleine ikkje maktar stå for alt vedlikehald av og tilrettelegging i landskapet er for so vidt ikkje noko nytt, ein har allereie i ei år-rekke røynt dette – og sett at andre aktørar har engasjert seg og ytt viktige bidrag (t.d. Storfjordens Vener som har bidratt sterkt ved å setje i stand nedlagde bruk langs fjorden). Eit arbeid som vert støtta også av det offentlege og som på mange måtar knyter an til opprettinga av verdsarvområdet (om området ikkje var truga ville det vere mindre behov for å gje det spesiell status). Det at andre – ofte frå utsida – kjem inn og bidreg er likevel ikkje heilt uproblematisk, då det også betyr at andre verdiar og forståingar kjem inn. Noko som kan vere konfliktskapande, og som i alle fall betyr at der vert fleire aktørar som må høyrast og takast med på råd.

Forvaltning og berekraftig drift av naturområda, vert ofte utforma i samråd mellom eigarane og offentlege planmynde etter gjeldande retningsliner for aktørmedverknad. Eigarane/drivarane skal så stå for gjennomføringa i tråd med planføringane, eventuelt med støtte frå det offentlege. Men dette føreset to ting i sær: at alle deler av området har eigarar/brukarar som kan sikre gjennomføring, og at alle interesser/alle aktørar – også dei eksterne – får reelt høve til å delta i planprosessane. Dette vert særleg viktig når vi har tilfelle som t.d. verdsarvområda på Vestlandet. Mange og sterke næringsinteresser er knytte til områda. Kven som er aktørane kan ofte vere vanskeleg å finne ut av, særleg kva gjeld det å dra dei aktivt med inn i planprosessar. Dei kan vere regionale, nasjonale eller internasjonale, men er berre sjeldan driftsmessig forankra med hovudsete innan området. Dette er viktige brukarar, som har stor makt til å påverke gjennom sin bruk – eller ikkje-bruk av området. Men om det er slik at landskapet med sine natur- og kulturverdiar er av betydning for den bruk dei ønskjer å ha i/av området, så er det maktpåliggande at desse også vert representert inn i lokale planprosessar som gjeld område og arealbruk. For vi ser at der ligg konfliktar knytt til det å forvalte og bruke naturareala. Ikkje nødvendigvis berre mellom grunneigarane og brukargrupper som t.d. turist-/reiselivsnæringa. Frå debatten i media ser vi at det like gjerne kan gjelde ulike eksterne brukar- og/eller verneinteresser som støyter mot einannan. Men då «på annan manns grunn».

### 2.3.4 Allemannsretten

Slik Allemannsretten har vakse fram i Noreg (og i Norden) er den eit viktig element for å sikre ålmenn tilgang til natur og friområde, og til å regulere bruk og rettar mellom ulike aktørgrupper. Den er i prinsippet kopla til ikkje-kommersiell bruk (sanke diverse vekstar til eige bruk, til hobbyaktivitetar og meir tilfeldig økonomisk verksemd). Men der er inga klar grense gått opp for kva som er innanfor.

Når vert t.d. det kommersielle aspektet så omfattande at ein ligg utanfor allemannsretten sine grenser? Dette er ikkje godt avklara i norsk rettsvesen. Per i dag er det avgrensingar på grunneigar sin rett til å krevje økonomisk kompensasjon for andre sin bruk, men ikkje klart om og korleis brukarar skal kunne bruke ålmement tilgjengeleg natur inn i eiga næringsdrift. Allemannsretten er også viktig fordi den ofte er «brekkstanga» for at eksterne aktørar skal kunne ha innverknad i plansystemet. Samanlikna med land der ein ikkje har denne retten, ser vi at det hos oss er langt enklare å få innpass i planlegging og å ha moglekeit til å påverke gjeldande drift.

*Å delta aktivt i planprosessane må vere forpliktande for aktørane.* Vi ser ofte på deltaking som ein rett. Vi har som prinsipp at alle som meiner seg involvert, meiner seg ha ei interesse å forsvare, også skal få moglekeit til å delta aktivt i planleggingsprosessane. Det er sjeldnare ein tek opp at brei involvering også må kunne koplast til plikter. Om ein får gjennomslag, og dette betyr at andre lyt tilpasser sin aktivitet annleis enn dei elles hadde kunna, så betyr dette at det er gjort eit verdival – ei prioritering – der nokon har fått og andre kanskje har mist. Særleg om dette gjeld rettar til eller moglekeit til å bruke naturkvalitetar i eiga næringsutøving. Det vil då vere på sin plass å kunne drøfte om og i kva grad dette skal kompenserast for – anten i form av betaling til grunneigar eller til (lokal)samfunnet eller i form av andre slag motytingar.

### 2.3.5 Maktilhøve i ubalanse

Det vi her skildrar er på mange måtar døme på eit system som er i ubalanse. Her er mange aktørar og ulike interessentar, men det er i praksis lite kontakt mellom desse og vi ser at dei store aktørane har

høve til å gjere mykje som dei sjølve ønskjer – særleg kva gjeld det å delta aktivt og forpliktande i planleggingsarbeid og å bidra økonomisk i gjennomføringa.

Vi har nemnt at det er berre eit fåtal aktive bønder/eigarar att i desse områda, og at desse korkje har økonomisk evne til, eller har formelle rettar som gjer at dei kan ta ansvar for å drifte heile landskapet. Store deler av landskapet er eigd av og vert rådd over av bruk der det tidlegare var landbruksaktivitet, men som no er hobbybruk eller redusert til reine fritidsbustadar med «svært stor» hage. Ofte har desse eigarane korkje tid, økonomisk evne eller kompetanse som gjer at dei skal kunne bidra aktivt i landskapspleie og god forvaltning. Men likevel er desse ikkje-lenger-aktive brukarar å sjå på som ein av nøklane. Først når ein har utvikla gode modellar for å få med også desse kan ein ha von om å finne farbare løysingar.

I førre kapittelet drøfta vi bl.a. utfordringane i norsk landbruk; stordrifts- og sentraliseringspolitikk gjer at tal bruk går ned og størrelse aukar. Og størrelsen aukar heller gjennom jordleige enn oppkjøp, og er i hovudsak knytt til den beste og mest lettdrivne innmarka. Dette betyr at store areal er utanfor drift og at det er vanskeleg å sjå at det skal vere opningar for å få inkludert desse innanfor det landbrukspolitiske regimet som gjeld. Dermed står dei få, aktive brukarane i ein skvis – dei representerer kontinuitet og aktivitet i bygda, dei har teke over og driv dei mest attraktive teigane, men dei har ikkje høve til å nå over og aktivt drifte alle dei lite effektive områda – særleg gjeld dette utmarka. Og ikkje har dei plikta seg til dette heller. Men dei vert likevel landbruket sitt andlet ut mot samfunnet og vert dei som må stå fram i media når attgroing og manglande drift er tema.

Den lokale turist-/reiselivsnæringa kan og hamne i noko av same situasjonen. Desse er ofte knytte til tradisjonsrike institusjonar – hotell og serveringsstadar med lang lokal historie. Men særleg på slike stadar som vi her studerer, Geiranger- og Nærøyfjorden, er ikkje desse dei mest sentrale aktørane. Også dei er i stor grad prisa eksterne aktørar. Cruiseindustri, turbussar, storskala reisearrangørar som har (også) deira destinasjonar på sine turlister. Dei vert likevel reiselivets lokale andlet, men er oftast ikkje dei mest sentrale avgjerdstakarane.

Kommunane/det offentlege har formelt ei svært viktig rolle i dette, særleg gjennom den tilrettelegging som dei etter planlova skal gjere – og ansvar for dei kommunale planleggingsprosessane med mål å utforme best moglege løysingar for å fremme lokal utvikling og næringsverksemd, og å gjere bygdene til attraktive område for busetnad. Men kommunane åleine kan berre i liten grad stå for initiativ og drivkraft i slike lokale utviklingsprosessar. Det er ein avhengig av at eit breitt lokalt engasjement (eigarskap) og at alle involverte aktørar samarbeider mot felles mål. Ein har i dag fokus på partnarskap som metode for å oppnå ønska mål, ofte skildra som kvadruple helix type partnarskap. Dvs. partnarskap der (lokalt) næringsliv, offentlege mynde, kompetanseinstitusjonar og (lokal)samfunn samarbeider. I desse konkrete døma ser vi at det vil vere essensielt at ein evnar inkludere aktørar også utanfor lokalsamfunna (Geiranger og Aurland), då desse i stor grad vil vere dei avgjerande aktørane. Dette gjeld både for næringsliv og det offentlege, men også for sivilsamfunnet i form av ulike NGOs, interesseorganisasjonar m.v. Kan hende vil det vere slik at ein i større grad enn til no må legge vekt på å etablere tenlege forum for at alle aktørgruppene skal kunne møtast og bygge tillit (Jærsmie-modellen) (hlb 2013).

Vi ser av dette at der er ubalanse i makt mellom aktørane. Det er store eksterne aktørar som har innverknad gjennom sine handlingsval – som ofte ligg utanfor lokale medverknadsrammer, og det

manglar dekkjande medverknad frå landbruket då ein der berre har eit fåtal aktive brukarar. Men vi vil likevel påpeike at dette ikkje er noko unikt for desse 'casa'. At der er ubalanse mellom aktørar i utviklings- og forvaltningssituasjonar er regelen heller enn unntaket. Utfordringa vert då heller å finne korleis ein kan bygge tenlege relasjonar mellom aktørgruppene heller enn å fokusere på ulikskapane. Difor trekkjer vi fram det å satse endå meir på dialogmessig arbeid og partnarskapsbygging – for å promotere aktiv og ansvarleggjort medverknad.

### 2.3.6 Kan dagens marginaliserte Landbruk skape/vedlikehalde dei verdfulle og etterspurde opplevingskvalitetane?

Norsk landbruk, til liks med landbruket i dei fleste land i dag, har gjennomgått ei utruleg utvikling med effektivisering og tilpassing til stadig endra eksterne og interne vilkår. Frå at landbruket var den store sysselsetjaren (i Noreg fram til og med 2. verdskriga) er vi i dag komne dit at berre kring 2,5% av arbeidsstyrken er sysselsett i landbruket (jordbruk-skogbruk). Likevel er produksjonen like høg eller høgare enn den var i 1945 på dei fleste område. Dette har skjedd gjennom at samfunnet elles hadde behov for meir arbeidskraft medan landbruket gjennom nyvinningar i retning av industrielandbruket kunne gje frå seg denne arbeidskrafta. I praksis betyr dette at det i dag er få bygder som har mange aktive gardsbruk. Ein brukar driv ofte arealet som før sysselsette ti-femten bondefamiliar. Geiranger er i så måte eit godt døme på dette. Det vert ofte nemnt som «dekk og diesel»-landbruket. Og viser til at drivaren i dag må bruke store deler av tida på å køyre mellom dei ulike teigane, som ofte er spreidd over eit stort område.

Denne nedgangen i direkte sysselsetjing har ført til ei marginalisering av landbruket – på fleire måtar. Viktigast kanskje at det i dag er berre eit mindretal av dei som bur på bygdene i Noreg som har tilknyting til landbruket. Andre yrkesaktivitetar dominerer, varierande frå bygd til bygd og kommune til kommune. Det einaste som er gitt er at det ikkje er primærproduksjonen i landbruket som er største sysselsetjar. I tillegg til det dette fører til med avskaling av areal i drift (det er vanlegvis berre dei mest velarronderte teigane som får bli med inn i det nye landbruket), fører det og til at den generelle kunnskap om landbruk og forståing av viktigheita av eit aktivt landbruk i bygdene vert utvatna. Tidlegare var dei fleste i bygda anten bønder eller hadde hatt oppveksten på eit småbruk. I dag byrjar desse å verte langt mellom, vanlegare er å ha ein bestefar frå gard, men utan sjølv å ha aktiv kunnskap om drift. Dette gjev seg bl.a. utslag i kommunestyre kringom. Sjølv om Senterpartiet enno held på posisjonen som «ordførarpartiet», så er det også der vanleg at representantane har anna yrkesbakgrunn enn landbruket. Noko som er med å gjere det vanskelegare å vinne fram med forståing for landbruket sine særlege behov. Ei næring som gjennom eigedom rår over meir enn 90 % av arealet i Noreg, men der fleirtalet ikkje lenger sjølv driv aktiv bruk. Og ein har sett ei kraftig endring i drifta – frå småskala bruk der heile familien deltok og arbeidskraft var ein svært viktig innsatsfaktor til no å vere mekanisert og effektivisert slik at drifta i all hovudsak er knytt til bonden sjølv – eventuelt med innleige frå maskinringar og liknande. Ektefelle deltek i stadig mindre grad.

Utnarka er den delen av drifta som i størst grad er blitt skadelidande. Stølsdrifta er så godt som borte, intensivt utmarksbeite har blitt erstatta med auka bruk av kraftfør og fjøsnære uteområde. Intensiv gjødsling, presisjonslandbruk og kraftig betra agronomi har bidratt til auka avlingar. Fullautomatiske mjølkerobotar har erstatta drengen og moderne fjøsdesign etter det panoptiske prinsipp (Foucault 1999) har gjort pass og stell til noko som kan styrrast via ein app på telefonen.

Dette er i stor grad røyndomen kring om på norske gardsbruk. Ein må vekse og investere. Der er berre rom for dei få, store og marginalt lønsame brukar.

Men likevel er biletet som landbruket oftast marknadsfører seg med – og også det idealbiletet som reiselivsnæringa ønskjer å selje til tilreisande – eit bilet av eit tradisjonelt norsk småskalalandbruk med stølsdrift, ysting, okse på garden og frittgåande høner. Ein situasjon vi mest berre finn i ein del turistifiserte bruk som lever av reiselivet heller enn av produksjonen. Dette er sjølvsagt ei utfordring. Både for landbruket og for reiselivsnæringa. Utfordringa for landbruket fekk vi nyst illustrert gjennom svinebondedokumentaren på NRK. Dette var eit ekstremt døme som vonleg ikkje representerer den typiske drifta. Uansett må dette takast på alvor og handterast seriøst – og det gjev idealbiletet ei kraftig ripe i lakken.

I vårt case er det like vesentleg at det moderne landbruket ikkje av seg sjølv er i stand til å levere dei tenestene som trengst for å vedlikehalde natur- og kulturlandskapet. Dette er sjølvsagt viktig for å kunne sikre eit attraktivt tilbod til tilreisande – sikre at desse finn og kan oppleve eit velhalde og berekraftig landskap som gjev positive opplevingar og «verdi for investeringa» i å reise hit. Like viktig er det overfor landskapet sjølv – å vise at ein er i stand til å vedlikehalde og gjere levande eit landbruk som ser heilskapen i økosystemet og som gjer sitt til å bidra til økologisk mangfald og bidra positivt til klimarekneskapsutfordringane.

Det mest nærliggande svaret på det innleiande spørsmålet er nok «nei». Det er vanskeleg å sjå at dagens praksis og dagens landbrukspolitikk skal kunne påverke til å få eit sterkare fokus på det som skjer utanfor dei definerte 'kjerneareala', dvs. arealet for den mest intensive drifta. Til det er nok lønsemada for låg, og det er vanskeleg å sjå korleis dette skal kunne endrast på generell basis. Men for våre case er det på gang diskusjonar om å iverksetje særlege tiltak. T.d. ulike former for «turistskatt», der ei avgift vert lagt på besökande med føremål å styrke evne og moglegheit til vedlikehald av ønska landskapskvalitetar. Ei anna tilnærming er å etablere landbrukspolitiske særordningar for spesielle område. Der er moglegheiter å finne i dette – men kanskje er utfordringane minst like store. Det trengst t.d. meir kunnskap om det er økonomisk støtte åleine som vil gjere det mogleg å oppnå ønska kvalitetar. Dette blir også drøfta i eit seinare kapittel. Vi har vore innom og drøfta den store mangelen på aktørar «i utmarka»: At der finst få bønder – og at desse som allereie driv aktivt berre i liten grad vil ha tid og høve til å drive landskapspleie på større areal. Og utkantbygdene, til liks med Noreg som heilskap, vantar arbeidskraft. I dette høvet arbeidskraft som kan ta på seg desse oppgåvene på jamleg basis. Vi kan bruke erfaringane frå den japanske satsinga på å «Regenerate the Japanese Forest Worker» som døme (Ikeda 1997). Trass i ei satsing på å hente (ledig) arbeidskraft frå byane til å utføre naudsynt arbeid i skogbruket i utkantbygda der desse vart sikra inntekter tilsvarannde ordinært industriarbeidarnivå i byen, røynde dei at dei aller fleste vende attende til byen etter kort tid. Det viste seg at gode økonomiske ordningar åleine ikkje var nok til å løyse utfordringa.

Vi har difor tatt opp til drøfting at det synar seg vere naudsynt å gå til slik satsing med eit heilskapssyn – at det ikkje let seg løyse med enkle tiltak åleine, men er avhengig av at ein jobbar aktivt med å etablere lokal forankring som inneber å involvere alle relevante aktørar – også desse som ikkje i utgangspunktet er til stades lokalt, men som vi veit har stor betydning for om løysingar faktisk skal kunne fungere.


### 2.3.7 Vil nye turisttilnærmingar bringe turiststraumane ut i utmarka?

For våre to case – Nærøy- og Geirangerfjorden – så er det i dag særleg fokus på den klassiske masseturismen. Tilreisande som kjem til områda med skip, fly, buss og tog som del av (større) grupper og som for ein stor del vert kontrollert av reiseleiarar og guidar. Utfordringane med desse vert særleg synberre t.d. ved forureining i fjorden (i sær frå skipa), og kaos og overbefolkning i sentralområda. Lokale aktørar (særleg hotell og spisestadar) opplever at andre enn eigne gjester legg beslag på deira servicefunksjonar og lokale butikkutsal er ikkje alltid nøgde med den omsetnad (eller mangel på) som desse tilreisande fører med seg.

Vi har sett det reise seg røyster som argumenterer for at det er nødvendig med ei omlegging. Frå dei mange som kvar gjev lita forteneste lokalt, til dei få som er valt ut fordi dei representerer eit kjøpesterkt publikum – gitt at dei får dekt opplevingsbehova sine. Og tilsvarande argument for å minke den lokale belastninga på natur- og landskapskvalitetane: Få hit berre dei som deler 'våre verdiar' kva gjeld å ivareta og fremme økosystemet og økosystemtenestene.

Gitt eit slikt scenario vil det tvillaukt vere slik at utmarka som ressurs vil verte meir etterspurd. For masseturismen er den ei naudsynt kulisse, for opplevelingsturisten eit mål i seg sjølv. Og i prinsippet vil ein slik snunad kunne gje rom for nye typar av løysingar. T.d. at turarrangørar og grunneigarar vil kunne danne partnarskap der utmarksstell og vedlikehald kan verte del av vilkåra for å kunne drive denne forma for tilbod. At inntekter går til eigalarar som kan gjere jobben sjølv, eller at operatør forpliktar seg til å skaffe naudsynt arbeidskraft å gjere dette (noko å gje sysselsetjing med i skuldersesongane?) t.d. til eigalarar som ikkje lenger er aktive/bur på staden.

Men også her vert kjernekonseptet om ein kan etablere truverdige og fungerande partnarskap. Om ein kan få til dei breie, gode samarbeida lokalt, som har vist seg vere føresetnad for vellukka lokal utvikling. Slike Governance-typer av løysingar føreset eit samspel mellom ulike nivå, ulike aktørar og ulike ansvarsområde (sjå figur) – men at den lokale utfordringa, den lokale involveringa og dei lokale moglegheitene er det som står i fokus. Og at ein evnar sjå lenger enn det konkrete tiltaket.



Figur 3: Samspelmodell der «bottom-up» møter «top-down».

(Børstad, 2012)

## 2.4 Kva må til for å få endring? – av Liv Solemdal, Ildri Kristine Bergslid, Unni Støbet Lande & Kristin Sørheim

I dette kapittelet ser vi nærmare kva som kan bidra til å skape ulike former for endringar. Eit grunnleggjande spørsmål vil likevel vere kva slags endringar ein ønsker, eller om ein eigentleg ikkje ønsker endringar og at utmarka og kulturlandskapet berre bør få utvikle seg utan menneskelege inngrep framover – og om det i så fall har noko betydning for verdsarvstatusen i vårt case (Hind 2017).

### 2.4.1 Kva meiner folket som bur der?

Sommaren 2018 vart fire gardbrukarar i randsona til Geiranger intervjua. Tankar om verdsarvstatusen, næringspotensiale i utmarka, interessekonfliktar, verdsetting av utmarka og forskingsbehov var sentrale spørsmål. Her gjev vi ei oppsummering av svara frå dei som var intervjua.



Bilde 12: Lettare reiskap i verdsarvområda. Foto: Inge Bjørdal



Bilde 13: Intervju før kunnskap går tapt. Foto: Inge Bjørdal

Spørsmål 1: Kva tankar har du om verdsarvstatusen?

#### Fordelar:

Status som verdsarv gjer området meir attraktivt å besøke, noko som gir større moglegheit for å skape næring og eit robust samfunn. Statusen gjev også ei sikring for vassdragsvernet og landskapsvernet.

For bøndene bidreg statusen til betre tilskotsordningar samstundes som den bidreg til å skape forståing for betydninga av å ha beitedyr dersom ein vil bevare eit verdifullt kulturlandskap.

Om lag 700 000 menneske får kvart år oppleve eit unikt kulturlandskap og sjå spor etter hardtarbeidande menneske som har livberga seg på karrige gardar langs fjorden og i fjellet. Dette er eitt av fleire døme på den store nyttia samfunnet har hatt og har av landbruket. Store årlege turiststraumar har eit stort unytta potensial for sal av lokalproduserte varer. I dag er mykje av det masseturistane kjøper billige plastprodukt frå den andre sida av kloden.

## **Utfordringar:**

Manglande rekruttering til landbruket er ei stor utfordring. Skal landskapsverdiane haldast i hevd må det vere nok bønder og nok beitedyr til å gjere jobben. Når den aktive bonden forsvinn, blir det berre kulissar igjen. Gjerdeplikta blir ikkje oppretthalde, noko som gjer det utfordrande for dei som kan tenke seg å ha beitedyr i området.

Stadig fleire grunneigarar bur ikkje i bygda. Dei eig nedlagde bruk og feriehus, og dette fører med seg ein «urban tankegang» og lite forståing for t.d. beitedyr og gjerdehald. For mange av desse utanbygds grunneigarane er det jakta som betyr mest.

Status som verdsarv bidreg med betre tilskotsordningar, men også til meir byråkrati og mangel på smidigkeit. Dette merkast til dømes når noko skal gjerast på setrene, på vegar, om skog skal hoggast og liknande. Det er vanskeleg å komme med innspel til forbetringer. Det blir utfordrande å drive når alt skal vere urørt, og ikkje forvaltast i samsvar med den tida ein lever i.

I Geiranger tener mange pengane sine på turisme. Auka i tilskot til jordbruket har ikkje vore nok til å motvirke at gardsbruk blir lagt ned.

Verdsarvstatusen må forvaltast med klokskap slik at ein ikkje brukar opp og øydelegg området. I dag er det stort trykk om sommaren og stilt om vinteren. Dersom ein kunne fordelt besøket over heile året kunne ein betre utnytta potensialet hos hotell og andre reiselivsbedrifter. Nabobygdene har mykje unyttate ressursar og potensiale som kunne vore utvikla meir og i fellesskap.

Kapasiteten på blant anna vegar og parkeringsplassar er i dag alt for liten til å ta i mot alle dei som vil besøke området.

## Spørsmål 2: Kva tankar har du om bruken av utmarka og potensialet for næringsutvikling

Det er mykje av utmarka som kan nyttast betre i verdsarvområdet. Spesielt turterrenget, og kanskje spesielt i randsona, sidan mykje av det som ligg innanfor området er vanskelegare tilgjengeleg. Grunnen til dette er topografien rundt Geirangerfjorden, og som har gjort den til verdsarv. Både innanfor området og i randsona rundt er det viktig med eit levande kulturmiljø der beitedyr nyttar resursane. Utvikling av guiding og tilrettelagte opplevingar og aktivitetar i utmarka har eit stort potensiale. Ein må unngå nedbygging av arealet i form av for mange hytter.

Bruken av utmarka krev bønder som vil drive med husdyr og utmarksbeiting. Oljenasjonen Norge har skyhøgt lønnsnivå som gjer det krevjande å utvikle lønnsam næring der arbeidsinnsatsen per produsert eining nødvendigvis må bli stor på grunn av topografi og arrondering. Dette let seg vanskeleg kompensere gjennom landbrukspolitiske støtteordningar og subsidiar.

Norsk husdyrhald blir stadig meir sentralisert til dei beste produksjonsområda og det skuldast i hovudsak økonomiske faktorar (landbrukspolitikken). Det blir færre bønder som har fleire dyr, og mjølk- og kjøttproduksjonen lausrivast meir og meir frå dei lokale arealressursane. Bratt vestlandsnatur blir ein tapar i denne utviklinga. Skal denne trenden snuast må det gjennomførast kraftige og gjennomtenkte mottiltak.

Når husdyrproduksjonen i stadig større grad blir riven laus frå arealgrunnlaget, får vi overforbruk av natur nokre stader og store utnytta utmarksressursar andre steder. Høg dyretettheit i eit område

generer mykje inntransport av næringsstoff og uttransport av husdyrgjødsel. Å få spreidd dei store gjødselmengdene i rett mengde på rett stad til rett tid er for mange ei håplaus oppgåve og resultatet blir i mange tilfelle overbelastning av næringsstoff somme stader i naturen og mangel på næringsstoff andre stader. I dag er det mest lønsamt med intensivt husdyrhald basert på mykje kraftfør. Skal vi greie å utnytte dei lokale arealressursane i langt større grad må det bli meir lønsamt med drift basert på lokalprodusert (grov)fôr og beitedrift.

Skal potensialet utløysast må evna til å samarbeide utviklast meir. Både mellom landbruksnæringa, turistnæringa, kommunane, grunneigarar og gardbrukarar. Alle må i større grad samarbeide for å utvikle bruken av utmarka og skape nye næringar. Det er fleire tunge interessekonfliktar mellom beitedrift og andre interesser, og dette kan vere ei stor ekstrabelastning for mange bønder. Som enkeltbonde er det ofte ei håplaus oppgåve å ta tak i dette fordi motparten er mange som manglar innsikt og forståing. Det er behov for fagpersonar som på vegne av fleire bønder kan jobbe med desse problemstillingane over tid.

Det er viktig at ein finn modellar som gjer at både verdiskapinga og verdiane i størst mogleg grad vert i området. Om verdiane forsvinn ut av området vert det vanskeleg å oppretthalde busetnaden og området vil etter kvart døy. Når eigarskapet til eigedomar med rettar og plikter forsvinn ut av bygdene og forvaltast av nokon som ikkje har eit forhold til pliktane, men sterkt forhold til rettane, utarmar ein området.

Spørsmål 3: Kan verdien av utmarksressursane sjåast på ein ny måte/annan måte enn i dag?

Sjølv om det er ei krevjande oppgåve, er det eit stort behov for å talfeste kroneverdien av ulike samfunnsoppgåver/økosystemtenester som landbruket bidreg med. Ulik landbrukspolitikk påverkar landbruket sine evne til å levere på samfunnsoppdraget (verdiskaping, busetting, kulturlandskap, biologisk mangfald m.m.). Det er vanskeleg å vise desse effektane når ein ikkje har berekningstal å hjelpe seg med.

Spørsmål 4: Ser du behov for meir forsking, i så fall kva?

Ein treng kunnskap om kva som skal til for å bevare busettinga og landbruket i disse bygdene. Det er spesielt stort behov for meir kunnskapsoppbygging basert på feltarbeid. Det er bonden, og ikkje ulike berekningsmodellar som må være grunnlaget for forskinga. Vidare trengs kunnskap om optimal utnytting av transportsystemet, kva skal til for å utnytte potensialet både på årsbasis og i randsonene. Kor mykje kan ein ta ut i pris på høgesong for å optimalisere inntening? Korleis skal ein finansiere infrastrukturtiltak som det er behov for i området, og korleis kan ein byggje desse utan å redusere verdien på området?

Spørsmål 5: Kan vi auke lokal og regional verdiskaping basert på berekraftig matproduksjon og kunnskapsbasert turisme og andre økosystemtenester?

I grupper av folket er det stort fokus på grøne verdiar. Økologisk tenking og berekraftig produksjon er i vinden som aldri før. Produkt og tenester som blir produsert med basis i slik tenking må marknadsførast målretta inn mot disse menneska. Det er heilt nødvendig å ta ut ein betydeleg meirverdi i marknaden for å gjere slik næring lønnsam.

I tillegg til å snakke med bønder i området, har vi også innhenta synspunkt frå forvaltninga:

Nokre synspunkt frå Nærøyfjorden verdsarvpark og Stranda kommune:

### **Nærøyfjorden verdsarvpark**

Som mange andre bygdesamfunn har Aurland utfordringar i høve til fråflytting, svak næringsutvikling, konfliktar rundt naturvern og ivaretaking av natur og kulturarv. Ei dagsaktuell problemstilling er den dramatiske omstillinga i landbruket. I Aurland meir enn dei fleste stader aktualiserer dette eit tidsskilje frå volumproduksjon til nisjeproduksjon. Stadig fleire i landbruket ser nye mogelegheiter i å tilby innhald i eit til no relativt gjennomfartsdominert og passivt reiselivsprodukt. Kan den regjerande transport-, overnattings- og serveringsfokuserte reiselivsnæringa finne eit interessefellesskap med den nye opplevingsbaserte landbruksnæringa? Kan ei slik økonomisk utvikling sameine vern og utvikling på ein forpliktande måte?

### **Stranda kommune**

*«Det er store samfunnskostnader med å ta igjen eit nedbygd landbruk når avviklinga har gått for langt før ein setter inn tiltak» (Næringssjef Inge Bjørdal, Stranda kommune).*

Det er ei stor utfordring for Geiranger at «medan graset gror, dør kua». Den siste mjølkekuha har forlate Geiranger, og det er behov for nye grep for å berge siste rest av husdyrproduksjon i området. Det er jobba mye med prosjekt «fellesfjøs» for gjenværande bøndene i Geiranger, men prosjektet let seg ikkje gjennomføre. Trass i at bøndene i verdsarvområdet får meir tilskot enn andre bønder er landbrukets framtid i Geiranger usikker. Ein stor del av tilskotsmidlane vert betalt ut som areal- og beitetilskot, men det er også brukt midlar på restaurering av areal ute av drift, omfattande gjerdeprosjekt og rehabilitering av kulturminne som murar og steingjerde. Innsatsen har vore vellykka. Men, for å halde dette landskapet intakt trengst eit levende landbruk, eller så blir ein sitjande igjen med eit «staffasjelandskap». Det må tenkast nytt med tanke på kompetanse og teknologi, og kulturjordbruket må få same status som produksjonsjordbruket. Vi må i større grad tenke alliansepartnarar, og det er viktig å synleggjere resultat på arbeid som gjerast – «slik var det og slik blei det».

### **Oppsummerande kommentarar:**

- Verdsarvområda representerer ein annan type landbruk – **kulturlandskapslandbruk**. Det er naivt å tru at ein kan oppretthalde jordbruket i slike område ved å bruke same verkemiddel som for det tradisjonelle landbruket
- Løysingane er først og fremst politiske
- Landbrukspolitikken for verdsarvområda må vere både næringspolitikk og samfunnspolitikk (landbruk, reiseliv, kultur, m.m.)
- For bønder i Geiranger må ei framtid i jordbruket gjerast konkurransedyktig med andre moglegheiter med tanke på inntekt og sosiale forhold
- Rekruttering er en stor utfordring – korleis få den yngre generasjonen til å overta?
- Geiranger og Nærøyfjorden bør brukast for å utvikle ein landbrukspolitikk som er tilpassa den type utfordringar som ein har her og i tilsvarende område, t.d. Sveits-modellen (jf. rapport frå AgriAnalyse)



Bilde 14 & 15: Karakteristisk landskap – i dag. Foto: Inge Bjørdal

## 2.4.2 Berekraftige driftssystem

I prosjektet har vi stilt spørsmålet om vi kan definere og tilrå eitt eller fleire typar berekraftige driftssystem, som inkluderer bruk av tilgjengelege utmarksressursar. Vi har hatt som utgangspunkt at det er viktig å nytte tilgjengeleg dyrkjord og andre arealressursar på innmark og utmark til matproduksjon og andre livsviktige økosystemtenester. I ei tid med klimaendringar ser vi at det kan vere viktig å hegne om areal som kan nyttast til matproduksjon under skiftande forhold. Landbruks økosystemtenester har stor betydning for samfunnet.

Eit berekraftig driftssystem må definerast, og prosjektgruppa har i dette prosjektet og studieområdet å leggje til grunn ein kretsløpsbasert definisjon (Granstedt 2012). I eit slik system må ein ha husdyr og beiting, bruke minst mogleg innkjøpt kraftfør, men heller meir beite og lokalprodusert før. Mjølk eller kjøttproduksjon i vekstskifte med matvekster og/eller spesielle beiteplanter er ideelt. Systemet må kunne dokumentere nærings- og energieffektivitet og oppretthalding av naturtypar, biologisk mangfold, kulturminne og kulturlandskap. Systemet bør og kunne bidra til reduksjon av klimagassutslepp, eller i det minste ikkje auke i klimagassutsleppa (Koesling et al. 2017). Det er eit stort potensiale for matproduksjon over heile landet og i heile verda i slike driftssystem, og det vil også styrke matberedskapen under vekslande og endra klima om desse ressursane vert utnytta (Sustainability in global agriculture driven by organic farming (Eyhorn et al. 2019).



Bilde 16: Askeladdprisen til Avdemsbue og Avdem Gardsgrønt

«Det jeg ønsket var å skape et utsalgsted for lokalmat som var verdig de gode produktene. Det er så mange gode produkter med skikkelige råvarer fra hele Norge»

Ferske grønsaker dyrka uten kunstgjødsel og sprøytemidler på **Avdem** (580 moh), Øvst i Gudbrandsdalen. Utsal på Avdemsbue.

Ressursane i utmarka er ein viktig del av norsk landbruk og som gjer at det bur folk i Norge. Beite i utmark har stabilisert seg, men det er store kvalitetsskilnader på beita, og dette påverkar produksjonsresultatet. Som døme kan vi ta at 44 % av Møre og Romsdal sitt landareal er nyttbart beite og dette svarar til 34 mill f.e. praktisk nyttbart føropptak (Hofsten et al. 2018). I 2016 vart det hausta 21 mill f.e., som svarar til ein verdi på 74 mill kroner. Truslar mot utnytting av denne ressursen er rovdyr, sjukdom, hyttebygging, skogplanting og attgroing. Den innmarksnære utmarka har alltid vore viktig for landbruket, og dette er ein særslig sone.

Landskapet endrar seg når beitinga tek slutt, og kvaliteten vert forringa. Dette gjer landskapet mindre interessant som opplevingslandskap og det fører til mindre biologisk mangfald og det reduserer evna til matproduksjon på lokale ressursar (foredrag av Yngve Rekdal «Husdyrbeite i utmark, ressursgrunnlag og beitebruk»).

Ei næring i sterk endring, som landbruksnæringa, treng å sjå på nye måtar å organisere seg på, særleg dersom ein skal drifte og skjøtte beitemark og kulturlandskap. Eit spørsmål som bør drøftast er om og korleis kan ein auke tal bønder og beitedyr for å ta hand om dei mange oppgåvene, og likevel ha eit økonomisk berekraftig driftssystem. (Sjå også 2.3.6 og 2.3.7)

I det landskapet vi har som case, er det stort behov for å utvikle og ta i bruk ny teknologi. Det trengs alternativ til det høgteknologiske presisjonslandbruket som er tilpassa store og flate areal. Vi snakkar om andre former for reiskapar, og som er utvikla og brukt i land som t.d. Sveits og Austerrike, der det også er utfordrande geografi og topografi (brielmaier 2017). I dette reknar vi også med som særleg interessant utvikling av digitale styrings- og overvakkingssystem og robotar tilpassa struktur og topografi. I tillegg er det sjølvsagt også interessant å ta i ny bruk gamle handverkstradisjonar og løysingar som kan fungere godt og som også er interessante å få innsikt i for tilreisande turistar, som ein del av opplevingsturismen og knytt til gardsdrifta.

Aktuelle driftssystem for å ivareta kulturlandskap og utnytte utmarksressursane i desse områda kan vere kjøttproduksjon på sau, kombinert mjølk- og kjøttproduksjon på storfe, spesialisert kjøttproduksjon på storfe, hestehald for beiting og rideturar, mjølkeproduksjon på geit og kje-kjøtt eller spesialisert kjøttproduksjon på geit.

Desse kan og bør kombinerast med produksjon av ulike matvekster dersom ein skal få til eit størst mogleg sjølvoppfaldande kretsloppslandbruk. Dette kan igjen gje auka inntekter gjennom nye marknader og nye forretningsmodellar (jfr. Avdem Gard).

Ei heilskapleg analyse av utmarksbruk med beitedyr krev at ein også ser på innmarksbruken, og på om det kan etablerast gode vekstskifte. I slike allsidige produksjonssystem vil ein kunne tilby eit breitt spekter av lokalmat til turistnæringa og til lokalbefolkinga.

Vi ser at det er behov for forsking på ei meir heilskapleg analyse og vurdering av ulike alternative driftssystem, der vi inkluderer:

- Livsløpsanalyse
- Økosystemanalyse
- Juridiske og sosiale hindringar og konsekvensar både i bruk av inn- og utmark
- Potensialet for lokal foredling og omsetting av mjølk- og kjøttprodukt
- Finst det nye måtar å skjøtte kulturlandskapet på? Nye forvaltningsmodellar?

- Nye forretningsmodellar

Ein hovudkonklusjon synest å vere at det ikkje vil nytte å etablere langsiktig berekraftige driftssystem i landbruket utan at ein involverer alle i lokalsamfunnet om kva utvikling ein vil ha, og at verkemiddel må bli utforma etter ein slik gjennomgang og med eit felles og forstått og akseptert mål.



Bilde 17: Herdalsetra, enda aktivt geitehald. Foto: Kristin Sørheim



Bilde 18: Kjøtt og mjølk frå storfe på utmarksbeite i Norangsdalen. Foto: Kristin Sørheim

## 2.4.3 Landbrukspolitikk

### 2.4.3.1 Dagens ordningar i verdsarvområdet

Det er utarbeidd forvaltningsplanar og iverksett tiltak knytt til verdsarvområda. Forvaltningsplanen for delområde Geirangerfjorden (Møre og Romsdal fylke 2008) vektlegg utfordringane med gjengroing av kulturlandskapet, og planen tek utgangspunkt i at:

- Landbruket vert bygd ned
- Dyretalet må opp for å unngå gjengroing
- Gjeldande landbrukspolitiske verkemidlar er ikkje tilstrekkelege til å halde kulturlandskapet i verdsarvområdet i hevd.
- Den privatøkonomiske verdien av kulturlandskapet er stadig blitt mindre.

For å bremse den negative utviklinga i landbruket er det sidan 2008 sett inn forsterka tilskot i verdsarv og randsoner i form av:

- Tilskot til areal og husdyr
- Rydding av skog og inngjerding mm
- Skjøtselsplanar
- Tilskot til kulturminne og istandsetting av verna bygningar m.m.

Midlar til forsterka tilskot kjem dels frå Mat- og Landbruksdepartementet (LUF) og dels frå Miljødirektoratet. Landbruksmyndighetene har som mål å styrke jordbruket mens miljømyndighetene legg mest vekt på ivaretaking av kulturlandskapet.

Frå 2017 har satsinga på verdsarv og satsinga på utvalde kulturlandskap hatt felles forskrift. Fylkesmannen forvaltar forskrifta. Dette inneber mellom anna at tilskot blir gitt etter årleg søknad. Tidlegare var utbetalingane basert på avtalar. Stortinget har vidare vedteke at frå 2020 skal dei aktuelle kommunane overta forvaltninga av tilskotsordningane for Verdsarvområda Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap og Utvalgte kulturlandskap i jordbruket.

I Møre og Romsdal blir det betalt ut mellom 2 til 4 millionar kroner årleg for verdsarvområde med randsoner fordelt på i overkant av 40 søknader (pers. med. Ragnhild Aas, Fylkesmannen i Møre og Romsdal). Ekstra arealtilskot blir gitt ut frå hellingsgrad vist på gardskart. Tilskot til beitedyr blir gitt til alle som har beitedyr i området, men satsen varierer ut frå om driftssenteret ligg innafor eller utafor verdsarvområdet. I tillegg er det tilskot til skjøtsel av kulturminne og til restaureringstiltak.

Verkemidlane har ikkje hatt tilstrekkeleg effekt til å stoppe den negative utviklinga i landbruket i Geiranger. Det er mellom anna eit behov for investeringsmidlar til fornying av driftsapparatet. Det vanlege verkemiddelapparatet stiller andre krav til buskapsstørrelse og produksjonsvolum og er ikkje tilpassa vanlege gardsbruk basert på ressursgrunnlaget i dette området. Ved utbygging og nye investeringar kan det og vere nødvendig med ein grenseoppgang mellom bruk og vern: Verdsarverdiane reduserast visst landbruket blir nedlagd. Samtidig kan vanleg intensivering av landbruket gjennom auka produksjon også forringe naturverdiane og landskapskvalitetane.



Bilde 19, 20, 21 & 22: Alpakka og sau og ny digital teknologi for overvaking og styring av beitebruk. Foto: Kristin Sørheim

#### 2.4.3.2 Sveitsisk modell

Landbruket i fjellområda i Sveits har mange felles trekk med verdsarvområda på Vestlandet i Noreg. Begge stader er det mange små gardsbruk med bratt og tungdriven jord. Medan nedlegging av gardar og gjengroing av landskap er eit stort problem i Noreg, greier Sveits i større grad å oppretthalde eit aktivt landbruk under vanskelege driftstilhøve. Det er derfor interessant å sjå kva Sveits gjer for å halde oppe landbruket og diskutere om dei sveitsiske ordningane kan ha overføringsverdi til verdsarvområda.

Mange bønder i Sveits har inntekt frå turisme og reiseliv i tillegg til jordbruksdrift. På same måte som for verdsarvområda, er det viktig for turistnæringa at bøndene steller landskapet og held kulturlandskapet i hevd. Turisttilbod som inneber naturopplevingar og naturaktivitetar er eit viktig insentiv for å halde kulturlandskapet i hevd. I ein rapport frå AgriAnalyse er det greidd ut om landbrukspolitikken i Sveits (Berntsen & Tufte 2018).

Sveits reformerte landbrukspolitikken sin fullstendig over ein 20-års-periode frå 1990-talet til rundt 2010. Direktetilskot per areal utgjer no det meste av overføringane frå staten til bøndene. Omlegginga blei innført gradvis slik at bøndene fekk tilpassa drifta til endringane. Måla i landbrukspolitikken er grunnlovsfesta, og det er politisk forankra og generelt akseptert at landbruket skal vere multifunksjonelt. Eit finmaska nett av tilskotsordningar skal sikre at ein når dei overordna måla. Miljø, dyrevelferd, kulturlandskap og det å sikre drift i vanskelege område er svært viktige element i politikken. Det offentlege tar eit stort ansvar for at sveitsiske bønder har ei brukbar inntekt. Til gjengjeld er det høge krav til økologiske og miljømessige standardar som bønder må oppfylle for å kvalifisere til støtte. Vilkår for å søke om støtte er mellom anna knytt til miljø, dyrevelferd og god ressursutnytting. Desse krava omfattar dyrevelferd, næringsbalanse med makoverskot på 10 prosent nitrogen og fosfor, at minst 7 prosent av arealet på garden er sett av til blomstereng, kantvekstar og andre biologisk verdifulle område, at det er vekstskifte med minst 4 ulike vekstar på bruk med åkerareal over 3 hektar, at ein minimerer bruk av plantevernmiddel og at jord må dyrkast igjen innan 15. september viss ho er hausta før 31. august. Dette for å unngå erosjon og dermed tap av jord og næringsstoff.

I tillegg til desse krava må bonden vere under 65 år, ha landbruksutdanning eller minst tre års praktisk erfaring, ha minst 1/5 årsverk i landbruket samt at garden ikkje kan vere eigd av staten, kantonen eller ei stifting.

Ved hjelp av landbrukspolitikken har Sveits greidd å tilpasse jordbruksproduksjonen til lokale marknader framfor å maksimere volumproduksjon. Produksjonsuavhengige tilskot, i staden for tilskot per produsert vare, er viktigaste tiltak for å støtte lokal produksjon basert på lokale ressursar. Bøndene får betalt for å prioritere miljø, biologisk mangfold og berekraft på bruket; med andre ord premiering av økosystemtenester og fellesgode.

#### 2.4.3.3 Vil sveitsisk modell fungere for oss?


I motsetning til i Sveits, peikar Agri Analyse på at vektlegging av det multifunksjonelle landbruket er svekka i Noreg utover på 2000-tallet. Fram til no ser det heller ikkje ut til at særskilte tiltak for å stimulere til nisjeproduksjon og ivaretaking av særskilte naturtypar og kulturlandskap motiverer og rekrutterer nye bønder i Geiranger-området. Det blir ikkje oppfatta at å drive eit «kulturjordbruk» (i motsetning til «produksjonsjordbruk») gir status.

Agri Analyse foreslår at ein i verdsarvområda kan hente inspirasjon frå det sveitsiske systemet, men at det truleg ikkje er forutsetningar for å kopiere systemet direkte. Der fellesgode er tydeleg prioritert i sveitsisk landbrukspolitikk, er produsert volum mest avgjerande for inntekta til bøndene i Noreg. Agri Analyse har fått i oppdrag å utgreie eventuell innføring av «sveitsisk modell» i verdsarvområdet i Geirangerfjorden.

Aktuelle spørsmål knytt til den sveitsiske landbruksmodellen og som må undersøkast vidare er:

Ville det vere aksept for å prøve ut det sveitsiske tilskotssystemet i verdsarvområda Vestlandsk fjordlandskap? Korleis ville eit slikt finmaska nett av tilskot der det meste av inntekta til bonden retta mot driftsmåtar og areal bli motteke av gardbrukarane og av samfunnet elles? Ville måten dei sveitsiske bøndene blir betalt for å stelle kulturlandskap og drive miljøvenleg landbruk bli oppfatta positivt i lokalsamfunnet? I samfunnet elles? Ville bøndene godta strengare miljømessige standardar enn for landbruket elles som vilkår for tilskot etter sveitsisk modell? Ville slik drift gi bøndene høgare status enn det dagens landbruk gir?

Den sveitsiske modellen vil truleg ikkje kunne kopierast og brukast her, men må vidareutviklast og tilpassast norske forhold. Prinsippa for tilskotstildeling er interessante, og modellen burde vidareutviklast og prøvast ut, gjerne i eit område med verdsarvstatus.



Bilde 23: Kyr i beitelandskap i Überlingen. Foto: Juni Rosann Engelen Johanssen.

#### 2.4.4 Turisme og gardsdrift

Verdsarvområde har ein spesiell status og trekkjer til seg store mengder turistar, og har dermed eit stort og unytta potensiale for sal av lokale produkt (varer, tenester, opplevingar) på ein direktemarknad. For å lykkast med dette treng reiselivet og matprodusentar mellom anna bidrag frå fagfolk til å lage pakkar, t.d. med turar som gjev kunnskap; unike reiseopplevingar.



Bilde 24 & 25: Gardsturisme – Servering av lokale spesialiteter. Foto: Kristin Sørheim

I Sveits er det vanleg å kombinere gardsdrift, lokal foredling og turisme. Det blir mellom anna produsert lokale ostar som er særeigne og ettertrakta. På den måten nyttar bøndene potensialet som ligg i multifunksjonalitet, og produksjonen er tett kopla til lokalsamfunnet. Dei små bygdesamfunna/landsbyane identifiserer seg med det lokale landbruket og dei særeigne produkta som omsettast lokalt. Kulturlandskapet og landbruksprodukta gir lokalsamfunna ein positiv identitet.

I Noreg driv i overkant av 5 % av alle jordbruksbedrifter tilleggsnæring med turisme/gardsmat. I ei intervjuundersøking om gardsbasert turisme (Milford et al. 2016) var eitt av funna at det å ha turisme som tilleggsnæring ikkje slo negativt ut for jordbruksdrifta. Tvert imot svarte 29 % at jordbruksdrifta blei utvida etter oppstart med gardsmat/-turisme. Det kan sjå ut som turismesatsinga og har gitt auka optimisme i den vanlege gardsdrifta. Det å kunne produsere deler av råvarene sjølv og ha dyr på garden kan og vere viktig for å lykkes med gardsmat/-turisme.

Ein annan konklusjon frå Milford et al, er at det har vore ei aukande profesjonalisering i næringa dei siste åra. Denne konklusjonen, som bygger på samanlikning med ei tilsvarande undersøking i 2008, viser at det er færre tal aktivitetar på den einskilde bedrift, fleire har høgare omsetning og fleire har organisert drifta i selskap. Å drive med gardsmat og turisme i kombinasjon med jordbruksdrift, krev mykje kompetanse. Tilbod om kurs og samarbeid i nettverk mellom bedrifter er element som er viktig for suksess.



Bilde 26 & 27: Biodynamisk gard i Überlingen, sveitsisk kurase, beiting, vekstskifte med matvekster, servering og direktesal av produkta. Foto: Juni Rosann E. Johanssen

Selskapet Rørosmat SA er eit godt døme på at ein har lykkast med å lage spesielle matprodukt basert på lokale ressursar og marknadsført desse og fått ei lønsam omsetning og ein lønsam produksjon i eit område der utmarksressursane og kulturhistoria er berande element. Selskapet er eit andelstag eid av mange aktive matprodusentar. Rørosmat SA har eksistert i 20 år og blitt ein tydeleg merkevare (*Kristin Bendiksvold: Rørosmat AS, innlegg på workshop 2018*).

Turismebedrifter på Røros har brukt lokal mat i si eiga marknadsføring i mange år. Slik løfter dei kvarandre. Eit av hotella skriv dette om maten dei tilbyr hotellgjestene:

«Dagen på hotellet starter og slutter med mat, selve kjernene i hele hotellvirksomheten og høydepunktet gjennom dagen. Røros er lokalmathovedstad fremfor noen. På hotellet har alle de lokale produsentene sitt showroom.»

#### 2.4.4.1 Reiseliv og utmarksressursar

I Noreg har reiselivsstrategien som mål auka verdiskaping, fleire arbeidsplassar, høg kvalitet på tilboda og å skape opplevingar i verdsklasse.

«Potensialet for verdiskaping basert på natur og kultur er derfor stort. Verdensarvområder, fjordlandskapet og andre kulturlandskap langs kysten og innlandet, nasjonalparker og andre naturområder, fugle- og dyrelivet og den arktiske naturen er eksempler på områder som sammen med mat- og bygningskultur representerer store opplevelsesverdier» (NHD 2012).

Eit berekraftig reiseliv skal bevare natur, kultur og miljø, styrke sosiale verdiar og vere økonomisk levedyktig (Innovasjon Norge 2014).

#### Kva slag tilbod og opplevingar kan utmarka tilby til turistar?

Gardsturisme og profesjonalisering av denne er ein strategi, der det må utviklast fleire tilbod for folk med høg betalingsvilje. For utøvarane kan det bli behov for å reindyrke færre og meir lønsame tilbod og arrangement for å få nok tid til gardsdrift, familie og sikre økonomien i bedrifta. Denne strategien høver best for små og mellomstore bedrifter. Døme på tilbod kan vere selskap og arrangement, lokalprodusert mat, vising av korleis produksjonen går føre seg, førar på turar i utmarka, vising av gammalt handverk og gamle metodar for drift og skjøtsel, jakt og fisketilbod, overnattingstilbod, historieforteljing og mange andre ting i same "gate" (*Agnes Brudvik Engeset: Berekraftig verdiskaping i verdsarvområda, innlegg på workshop 2018*).

Inn På Tunet-aktivitetar er ei form for aktivitetstilbod som kan koplast med gardsturisme og gje heilårs arbeidsplassar (Gjerstad 2010).

Større turistbedrifter – hotellnæringa eller cruisenæringa – kan også gje aktivitetstilbod av same type til enkeltpersonar og grupper, gjennom eigne selskap eller samarbeid med andre lokale operatørar, inkludert gardsturismenæringa.



Bilde 28: Servering, selskap og historieforteljing som attåtnæring i Valldal. Foto: Kristin Sørheim

#### 2.4.4.2 Bygdeutviklingsprosjekt rundt turistdestinasjonar

Verdsarvområda treng kanskje ei vitalisering gjennom å satse på tilflyttarar som har interesse for å utvikle turismetilbod basert på dei lokale ressursane; eventuelt skaffe seg ei inntekt gjennom mangesysleri. Da blir det spørsmål om det finst ledige bustader og om det er tilgang til naturressursar gjennom sal av gardsbruk/småbruk. Oftast er nedlagde bruk attraktive feriebustader for etterkommarar av tidlegare drivarar.

I Nord-Gudbrandsdal har dei tatt grep for å få innflyttarar. Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen samlar 6 kommunar som satsar på attraktivitet og utvikling gjennom mellom anna å legge til rette for tilflytting. Kommunane kallar seg Nasjonalparkriket og marknadsfører kvalitetane og moglegheitene ein flott natur gir for eit aktivt uteliv. Kommunane ønsker å trekke til seg nye innbyggjarar ved å framheve det dei har mest av, nemleg natur. Mange ungdommar bruker i dag mykje av fritida si på å kome seg vekk frå byen dei bor i og ut i naturen for å drive med spennande friluftsaktivitetar. Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen marknadsfører at her har ein slik natur rett utafor døra og her er dei velkomne til å busette seg. Om ein greier å skape eit miljø der fleire familiarar flyttar frå byen til desse kommunane, vil det bli ein ny giv for lokalsamfunn som elles slit med fråflytting.

Bustad og arbeid er dei største delprosjekta regionrådet arbeider med. «Stillingssleppet» lyser ut mange stillingar i alle dei 6 kommunane samtidig. Målet er å synleggjere moglegheitene for arbeid i regionen på same tid. Dette grepet kan gjøre det meir realistisk for familiarar å flytte til området, sidan det da gjerne er behov for arbeid til to personar. Prosjektet «200 ledige hus» har eigen prosjektleiar som jobbar med å kartlegge hus og gardsbruk som står tomme, men ikkje ligg ute for sal i dag. Dei som vurderer å selje gardsbruk og bustader får hjelp til prosessen. Ledige eigedomar er presentert på komtiloss.no.

Spørsmålet er om ikkje mange fleire distriktskommunar kunne fått auka tilflytting ved å legge meir aktivt til rette for folk som vil ut av byen.

## 2.4.5 Økosystemtenester og verdsetting

Økosystemstenester er gode vi kan hauste frå naturen. Dette kan vere forsyningstenester som mat og brensel (energi), eller reguleringstenester som vassrensing, luftrensing og å hindre erosjon, eller kulturelle tenester som rekreasjon og helse, eller støttetenester slik som resirkulering av næringsstoff og primærproduksjon og oppretthalding av biologisk mangfald. Ofte er det vanskeleg eller umogleg å prissette desse naturgoda, og verdiane blir ikkje medrekna når beslutningar skal takast. Difor blir ofte verdifullt landskap ofra for utbyggingsinteresser som lettare kan dokumentere økonomisk utbytte.

Det trengs meir kunnskap om kva som er god økologisk tilstand av norsk natur, og det trengst meir kunnskap om verdettingsmetodar, altså korleis ein får verdien av naturen med i rekneskapen til samfunnet når beslutningar skal takast og politikk utformast (NOU 2013).

Problemet med eit samfunnsøkonomisk utgangspunkt for verdsetting av økosystemtenester er at ein verdset verknaden av tiltak i kroner. No skal ein verdsette forhold som ikkje har ein enkel økonomisk verdi. Kva befolkninga til ei kvar tid har som preferanse vil telje, fordelingseffekt av å utnytte fellesgodene må reknast inn, bruksverdi og ikkje-bruksverdi må vurderast. Og ikkje minst må ein ta med i rekneskapen den langsiktige effekten av utnytting av naturen når det gjeld framtidige økosystemtenester. Økosystemtenester kan berre til ein viss grad verdsettast gjennom økonomiske modellar, og bruk av naturen må difor regulerast gjennom andre system enn reine marknadsmekanismar, slik som lovregulering og forvaltingstiltak.

Arbeidet med utvikling av konkrete forretningsmodellar med berekraft-tilnærming og operasjonalisering av FN sine berekraftmål er dermed svært relevant i eit økosystemperspektiv.

### 2.4.5.1 Turistskatt

Masseturismen fører gjerne til trafikk-kaos, miljøbelastning og overforbruk av natur. Vi evnar ikkje å sjå kulturlandskapet og naturen som reiselivsattraksjon på same måte som bygningar, utstillinger osv, og det er uvant å betale for bruk av natur og fellesgode. Verdsetting og betaling for bruk av økosystemtenester og organisering av reiselivet i samarbeid med eigarar og forvaltarar av utmarksressursane er difor avgjerande for å lykkast (*Monja Mjelva, Hotell Union, foredrag workshop 2018*).

Korleis kan ein etablere ei avgift frå turistane som kjem lokalsamfunn og næringar som er avhengige av utmarka til gode? Andre land har innført slik nasjonal turistskatt, for eksempel Frankrike og Kroatia, men det er ulik praksis for innkreving.

Stortinget vedtok i 2018 å ikkje innføre ein nasjonal turistskatt, men opna for at regionar og kommunar kan innføre lokale ordningar. Fleire kommunar er no interessert i å innføre turistskatt som finansiering av lokale fellesgode. I Lofoten vert dette drøfta seriøst. Stranda kommune har meldt interesse for å innføre slik skatt, det same har Norddal kommune og dette har også vore innspelet frå intervjuobjekt og foredragshaldarar i VERDI-prosjektet. Møre og Romsdal fylkeskommune vil vurdere ei form for turistskatt i same område: «SA 16/19: Samferdselsutvalget ber om at det blir startet et

arbeid med utredning av eventuell innføring av turistskatt (betaling for fellesgode) i Møre og Romsdal. Utredningen må vurdere hvilke geografiske områder som kan være aktuelle, hjemmelsgrunnlag/lovgrunnlag for innføring, hvilken type fellesgode en slik skatt kan finansiere og hvordan den kan utformes».

#### 2.4.5.2 Andre døme på fellesgodefinansiering

På kort tid er det kome i stand mange «Reis smart»-prosjekt rundt om i landet; eitt av desse er i regi av Midt-Gudbrandsdal næringsforening. I dette prosjektet er tanken å innføre «gratis» kollektivtransport finansiert ved hjelp av påslag på andre transaksjonar i området. Målet er at det skal gi auka attraktivitet ved å bo og feriere i regionen når kollektivtransport og tilgang blir betre og rimelegare enn i dag. Turistdestinasjonar i Tyskland og Austrike har innført likande modellar og har stor suksess med det. Eksempel på dette er samarbeidet Alpine Pearls som satsar på grøn turisme (Alpine Pearls 2018).



*«Nå kan det være flertall for turistskatt. Etter at Ap-landsmøtet i helgen kan det være flertall på Stortinget for å innføre en form for turistskatt. Virke Reiseliv håper dette følges opp (NTB 2019).»*


Bilde 29: GEIRANGER: Flere tar til orde for å innføre ulike former for turistskatt (Faksimile Sunnmørsposten 8.4.2019).

#### 2.4.6 Utvikling av nye forretningsmodellar

Konseptet berekraftige forretningsmodellar eller bedriftsmodellar er i tråd med Regjeringa si satsing innan berekraft. Målet er eit innovativt og omstillingdyktig næringsliv som bidreg til grøn verdiskaping. For å vere berekraftig må både den økonomiske, økologiske og sosiale dimensjonen vere ivaretakne. Vekst og utvikling skal gå føre seg med mindre negative konsekvensar for miljø og klima.



Figur 4: FN's berekraftsmål.




Figur 5: Illustrasjon av pillarlane i berekraftig forretningsmodell.

For alle sektorar må det setjast mål og det er behov for meir forsking, meir kunnskap og tettare samarbeid mellom aktørar i heile verdikjeder. Forretningspotensialet i ein sirkulær økonomi og knytt til forvaltning og utnytting av biologiske ressursar (bioøkonomi) skal dyrkast fram. Ved å integrere berekraft i forretningsmodellen – t.d. for ei verdikjede i verdsarvområdet som tek sikte på å serve turistnæringa – skal ein minimere sosiale og miljømessige negative konsekvensar og ein skal kunne sikre seg framtidig konkurranseskraft.

Som eit ledd i prosjektet VERDI har NTNU gjennomført ein workshop på analyse av "Sustainable Business Models in Action" (*Annik Magerholm Fet, Innlegg på workshop 2018*). Under denne workshopen vart det gjennomgått ei rekke dokument som beskriv Berekraftige bedriftsmodellar i praksis:

- International Commissions and Initiatives: The New Climate Economy Commission; Business & Sustainable Development Commission; Energy Transitions Commission; World Business Council for Sustainable Development
- Learnings in business model terms: Value proposition; Upstream – downstream; Sharing of risks and benefits; Key drivers for business solutions
- A new economic era, driven by: Technological innovation, sustainable infrastructure investments, and increased resource productivity.
- Five key economic systems: Clean energy systems; Cities – smarter urban development; Food and sustainable land use; Water management; Industrial, circular economy
- Priorities for action: Carbon pricing- disclosure of climate risks; Accelerating investments in sustainable infrastructure; Unleash innovation and advance supply chain transparency; Ensuring just transition; Business & SD Commission.
- Four economic systems: Food and agriculture; Cities; Energy & materials; Health and well-being.
- New territory – disruptive – big risks as well as opportunities.
- New «circular» and flexible business models, digital platforms.
- Refreshing Vision 2050: Unlock systems transformations and make it actionable; Make sense of an increasingly complex sustainability space.
- Systems: Energy – power, heating and cooling; Transport – electrification, hydrogen, bio; Industry – processes and materials; Cities – buildings; Land use – agriculture and forestry.
- Green race characteristics: Resource efficiency – "more or less"; Renewable resources – materials and energy; Recycling and reuse – closing the loop; Value chain – life cycle perspective.
- Partnerships to reduce risks/share opportunities: Partnership business – governments; Partnership business – R&D institutions.

I etterkant av prosjektet vil det vere eit prioritert arbeid for deltagarane, og særleg for NTNU, å utforme ei anbefaling for aktivitetar som er sentrale i VERDI-prosjektet, gjennom eit såkalla "vegkart". Heilt konkret vil eitt spørsmål kunne vere korleis ein kan produsere, marknadsføre og selje eit fenalår i verdsarvområdet, dokumentere at dette er gjort på ein berekraftig måte, marknadsføre produktet gjennom ei eiga merkevare og ta ut forteneste i ulike ledd i verdikjeda. Matproduksjon i kulturlandskapet I verdsarvområdet bidreg også og i stor grad til å oppretthalde verdsarvstatusen, slik at ringen vert slutta.



Bilde 30: Fenalår produsert i verdsarvområdet som merkevare. Foto: NTNU

## 2.5 Forskingsbehov – av Håvard Steinshamn

Aktuelle forskingsbehov er omtala under ulike kapittel, men i dette avsnittet vil vi summere det gruppa har samla seg om som dei viktigaste forskingsbehova, og der akademia kan bidra til ei endring.

Endringa, det vil seie nedgangen, i bruken av dyrkjord og utmark for matproduksjon i verdsarvområda Geiranger og Nærøyfjorden skil seg ikkje mye i frå resten av Vestlandet eller andre marginale jordbruksstrok i Noreg. Slik sett, så treng ikkje tiltak og verkemiddel for å oppretthalde drift av jord og bruk av utmark vere annleis. Men ved opprettninga av fjordlandskap som verdsarvområde var eit av kriteria for at nettopp desse områda var valde at det var restar att av tradisjonell jordbruksdrift med seterdrift, noko som gir eit kulturpreg og ein tilleggsverdi til den dramatiske naturen («Remnants of old and now mostly abandoned transhumant farms add a cultural aspect to the dramatic natural landscape that complements and adds human interest to the area» (Erling Oppheim, Workshop 1). Frå verdsarvperspektivet, så kan ein tolke det slik at det er nok at det er ein aktivitet som opprettheld dette preget, altså «remnants of old and now mostly abandoned transhumant farms..». Næringsjefen i Stranda, Inge Bjørdal, meinte det er naivt å tru at ein kan

oppretthalde jordbruket områder som Geiranger ved å bruke same verkemiddel som for det tradisjonelle landbruket. Ein bør derfor utvikle heilt andre strategiar og verkemiddel. Oppheim spurde om ein burde tenkje nisje framfor volum som utviklingsstrategi for å sameine vern og økonomi?

På eit vis kan Oppheim og Bjørdal sine syn sameinast og at ein kan styre verkemidla for å oppretthalde eit kulturlandskap ein ønsker seg, spesifikt for desse områda, ved å stimulere til produksjon av tradisjonelle produkt i små skala. Samstundes meinte hotelldirektør Mona Mjelva at det er viktig at det som blir stimulert og det kulturlandskapet som blir skapt ikkje berre er ein kulisser men ekte vare. Agnes Brudvik Engeset (Vestlandsforsking) viste til at det var veldig viktig å vite kva turistane ønska seg. Men hovudutfordringa for å oppnå det ein ønsker er kanskje motiveringa hos dei som skal gjere jobben, som Erling Berge peika på i sitt innlegg på Workshop 1. Dette blir synleg i intervju gjort med bønder i randsona til Geiranger om kva dei meinte måtte gjerast for å oppretthalde busetting og landbruk i desse bygdene. Dei meinte at det er viktig med erfaringsskunnskap og ikkje ulike teoretiske berekningsmodellar. Dei var opptekne av det trengs kunnskap om optimal utnytting av transportsystem og korleis ein skal finansiere ny og betre infrastruktur utan at det går ut over naturverdien i området. Vidare trengs kunnskap om kva pris som kan takast ut i høgesong og kva marknader ein bør rette seg mot for å få best mogleg inntening.

Forskningsbehova for verdsarvområda og tilsvarande område med store og unyttta ressursar i utmarka kan i vårt prosjekt summerast opp slik:

- Avklaring av kva for kulturlandskap meiningsberarar ønsker å ha. Meiningsberar er bønder og jordeigarar, lokalbefolkning elles, turistnæringa, turistar, forvaltning, og andre
- Avklaring av kva for element i dette kulturlandskapet er mest viktige for meiningsberarar
- Avklaring av kva for verdi desse kulturlandskapslementa har i økonomiske termar
- Avklaring av kva for verdi desse kulturlandskapslementa har i eit økosystemperspektiv
- Avklaring av kva for driftssystem og driftstekniske tiltak som må til og er akseptable for å få dei ønska kulturlandskapselementa. Under dette tenkjer ein beitedyr, beitesystem, slåtteutstyr og slåttesystem, samt produkt og foredling
- Avklare kva for sosiale og juridiske hindringar står i vegen for å skape dei ønska kulturlandskapselementa
- Avklare kva for økonomiske verkemiddel skal til for å få skape dei ønska kulturlandskapselementa
- Avklaring av korleis ein skal betale, kven skal betale, kven som skal betalast og kva pris må betalast for å få dei ønska kulturlandskapslementa. Verdettingsmetodar.
- Avklare korleis ein skal finne gode arenaer for involvering av alle interessentar i tide og over tid
- Meir kunnskap og utprøving av aktuelle forretningsmodellar
- Meir kunnskap om betydninga av endringa i naturtypar og biologisk mangfald

### 3 Samandrag

Gjennom arbeidet i eit tverrfagleg samansett nettverk er det tydeleg for deltagarane at lokal verdiskaping basert på utmarka i verdsarvområda Vestlandsk fjordlandskap ikkje kan sjåast isolert, men er tett knytt til heile samfunnsutviklinga på desse stadene. På gardsnivå er bruk av utmark og innmark del av eit system og ein heilskap. Det tradisjonelle landbruket i desse områda har skapt verdfulle naturgode som biologisk mangfald, opne turområde med høg rekreasjonsverdi, turstiar og anna. Fleire av desse naturgoda er viktige for tertærnæringer som marknadsfører og sel tenester knytt til kulturlandskapet. Kulturlandskapet er også viktig for verdsarvstatusen i seg sjølv, ettersom dette er ein viktig del av kjerneverdiane til området (OUV).

Utviklinga i landbruket gjer at tungdrivne areal også i verdsarvområda går ut av bruk. Opphøyр eller låg bruksintensitet går spesielt ut over utmarksressursane og dei seminaturlege naturtypane.

Utmarka i Geirangerfjordområdet er særleg trua, da tradisjonell bruk med beiting, slått og hausting no i stor grad har teke slutt, og naturtypane gror att med buskar og kratt. Suksesjon gjer at særleg lyskrevjande planteartar går ut, og spor etter kulturhistorie i form av steingardar, utmarksløer og anna vert gjøymt i småskog. Medan gjengroing på den eine sida fører til tap av variasjon, artar og økologiske funksjonar, ville på den andre sida intensivering av landbruket med plantevernmiddel, kunstgjødsel og store mengder husdyrgjødsel også forringje naturverdiane og landskapskvalitetane.

Det er vanskeleg å sjå at dagens landbrukspolitikk kan bidra til eit særleg sterkare fokus på bruk og stell av utmark, seminaturlege areal eller andre areal som ikkje kan drivast med moderne innhaustingsteknikkar og eit intensivt produksjonsopplegg. Gjeldande landbrukspolitikk, med mål om stordrift og effektivisering av matproduksjonen, er ei sterkare drivkraft enn dei tiltaka som er sett inn for å bremse og motverke at tungdrivne areal går ut av bruk i verdsarvområda.

Store delar av landskapet er eigd av og vert rådd over av bruk der det tidlegare var landbruksaktivitet, men som no er hobbybruk eller reine fritidsbustadar. Ofte har desse eigarane korkje tid, økonomisk evne eller kompetanse som gjer at dei skal kunne bidra aktivt i landskapspleie og god forvaltning. Men likevel er desse bruka å sjå på som ein av nøklane til endring. Først når ein har utvikla gode modellar for å få med også denne, kan ein ha von om å finne farbare løysingar. For at landbruket ikkje berre skal vere eit «kulisselandbruk», men vere del av eit berekraftig driftssystem, må tilgjengelege arealressursar på innmark og utmark nyttast til matproduksjon og andre livsviktige økosystemtenester. Slike driftssystem må vere nærings- og energieffektive og bidra til å oppretthalde naturtypar, biologisk mangfald, kulturminne og kulturlandskap.

Den lokale turist-/reiselivsnæringa kan også hamne i noko av same marginaliserte situasjonen som landbruksnæringa. Den er ofte knytt til tradisjonsrike institusjonar – hotell og serveringsstadar med lang lokal historie. Men særleg på slike stadar som Geiranger- og Nærøyfjorden, og som no er dominert av masseturisme, er ikkje desse aktørane lenger dei mest sentrale. Også dei er i stor grad prisa eksterne aktørar representert ved cruiseindustri, turbussar og storskala reisearrangørar som har deira destinasjonar på sine turlister. Dei lokale aktørane vert likevel reiselivets lokale andlet, men er oftast ikkje dei mest sentrale avgjerdstakarane.

Det vi her skildrar er eit system med ubalanse i makt mellom aktørane. Her er mange aktørar og ulike interessentar, men det er i praksis lite kontakt mellom desse, og vi ser at dei store aktørane har høve

til å gjere mykje som dei sjølv ønskjer – særleg kva gjeld det å delta aktivt og forpliktande i planleggingsarbeid og å bidra økonomisk i gjennomføringa.

Det trengs ei heilskapleg tilnærming for å løyse utfordringane. Ein prosess som forskyv maktbalansen frå eksterne aktørar innan masseturisme og i retning lokalt næringsliv, verdiskaping og som inkluderer innbyggjarane, krev nytenking, utvikling av nye forretningsmodellar og evne til gjennomføring gjennom demokratiske planprosessar og god styring. Alle interesser/aktørar må få reelt høve til å delta i planprosessane. Eigara/brukarar må kunne gjennomføre tiltak som er naudsynt for ei berekraftig utvikling.

I tida framover må ein klare å involvere landbruksnæringa i målretta arbeid for å styrke landbruket. Frå intervju med bønder er det ytra prosjektrøyttleik, og frustrasjon av å «bli forska på» i staden for å bli inkludert og integrert i utviklingsarbeidet av landbruk og tilhøyrande politikk og samarbeid med andre næringar.

Av ulike konkrete verkemiddel som kan prøvast ut, men da helst som element i ein større endringsprosess, vil vi peike på særskilde landbrukspolitiske verkemiddel i retning sveitsisk modell, turistskatt, anna betaling for fellesgode, bygdeutviklingsprosjekt som kan gi auka tilflytting og ny næringsaktivitet, til dømes gardsdrift i kombinasjon med turisme/gardsmat. Ei styrt omlegging frå masseturisme mot ulike nisjar innan opplevelingsturisme vil truleg og føre til at utmarka blir meir etterspurd. I prinsippet kan ei slik endring gjere det lettare å få lokal verdiskaping gjennom ulike turisttilbod, men det kan og oppstå interessekonfliktar om bruken av utmarka.

Kvar for seg er det ikkje nok effekt i desse verkemidla til at dei kan snu det store utviklingsbildet, men som ledd i eit større arbeid kan det vere avgjerande å kome i gang med noko konkret sjølv om det har avgrensa effekt.

For å komme inn på eit spor som kan gi ei meir varig og berekraftig utvikling, er ei sentral utfording korleis ein kan bygge tenlege relasjoner gjennom dialogmessig arbeid og partnarskapsbygging som kan fremme aktiv og ansvarleg medverknad. Slik brei involvering må også kunne koplast til plikter. Om ein får gjennomslag, og dette betyr at andre lyt tilpasser sin aktivitet annleis enn dei elles hadde kunna, så betyr dette at det er gjort eit verdival – ei prioritering – der nokon har fått og andre kanskje har mist. Særleg om dette gjeld rettar til eller moglegheit til å bruke naturkvalitetar i eiga næringsutøving. Det vil då vere på sin plass å kunne drøfte om og i kva grad dette skal kompenserast for – anten i form av betaling til grunneigar eller til lokalsamfunnet, eller i form av andre slag motytingar.

Arbeidsgruppa konkluderer med at berekraftig verdiskaping knytt til utmarka i verdsarvområda må ta omsyn til kompleksiteten i utfordringane, og at desse ikkje kan løysast utan å sjå dei naturfaglege utfordringane saman med drivkreftene i heile samfunnsutviklinga. Partnarskap som metode er ei tilnærming som bygger på forankring og involvering av alle aktørar. For ei vellukka lokal utvikling er truleg breie, gode samarbeid lokalt ein føresetnad.

Forskringsbehova for verdsarvområda og tilsvarande område med store og unytta ressursar i utmarka kan i vårt prosjekt summerast opp slik:

- Avklaring av kva for kulturlandskap meiningsberarar ønskjer å ha. Meiningsberar er bønder og jordeigarar, lokalbefolkning elles, turistnæringa, turistar, forvaltning, og andre

- Avklaring av kva for element i dette kulturlandskapet er mest viktige for meiningsberarar
- Avklaring av kva for verdi desse kulturlandskapslementa har i økonomiske termar
- Avklaring av kva for verdi desse kulturlandskapslementa har i eit økosystemperspektiv
- Avklaring av kva for driftssystem og driftstekniske tiltak som må til og er akseptable for å få dei ønska kulturlandskapselementa. Under dette tenkjer ein beitedyr, beitesystem, slåtteutstyr og slåttesystem, samt produkt og foredling
- Avklare kva for sosiale og juridiske hindringar står i vegen for å skape dei ønska kulturlandskapselementa
- Avklare kva for økonomiske verkemiddel skal til for å få skape dei ønska kulturlandskapselementa
- Avklaring av korleis ein skal betale, kven skal betale, kven som skal betalast og kva pris må betalast for å få dei ønska kulturlandskapslementa. Verdettingsmetodar.
- Avklare korleis ein skal finne gode arenaer for involvering av alle interessentar i tide og over tid
- Meir kunnskap og utprøving av aktuelle forretningsmodellar
- Meir kunnskap om betydninga av endringa i naturtypar og biologisk mangfald

# Litteratur

- Alpine Pearls. 2018. Alpine pearls [Internet]. [cited 2019 Jul 10]. Available from: <https://www.alpine-pears.com/>
- Artsdatabanken. 2018. Norsk rødliste for naturtyper [Internet]. [cited 2019 Jul 10]. Available from: <https://www.artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>
- Berntsen C, Tufte T. 2018. Sveitsisk jordbruks politikk - matforsyning og fellesgoder likestilt. Oslo.
- brielmaier. 2017. Landscape protection - Exemplary ground conservation thanks to unique technology. brielmaier [Internet]. [cited 2019 Jul 10]. Available from: <https://www.brielmaier.com/en/brielmaier-in-action/landscape-protection>
- Butler R, Hall MC, Jenkins JM. 1998. Rural recreation and tourism. New York: The Geography of Rural Change. Essex: Longman.
- Eyhorn F, Muller A, Reganold JP, Frison E, Herren HR, Luttikholt L, Mueller A, Sanders J, Scialabba NEH, Seufert V, Smith P. 2019. Sustainability in global agriculture driven by organic farming. Nat Sustain. 2:253–255.
- Foucault M. 1999. Overvåkning og straff. Det moderne fengsels historie. 1.utgave. Oslo: Gyldendal.
- Gjerstad K. 2010. Inn på tunet: uavklart møte mellom gård- bruker og kommune. En kvalitativ studie av Inn på tunet-samarbeidet. Trondheim.
- Granstedt A. 2012. Farming for the future: With a focus on the Baltic Sea Region. BERAS Implementation Reports No. 2, COMREC Studies in Environment and Development No. 6. [place unknown].
- Hind LJ. 2017. Derfor må vi ta vare på norsk kulturlandskap. forskning.no [Internet]. [cited 2019 Jul 10]. Available from: <https://forskning.no/nibio-naturvern-kulturlandskap/derfor-ma-vi-ta-vare-pa-norsk-kulturlandskap/351615>
- hlb. 2013. Jærsmia, tankesmie for dialogbasert arealutvikling. Nor Univ Coll Agric Rural Dev [Internet]. [cited 2019 Jul 10]. Available from: <http://hlb.no/en/jaersmia-tankesmie-for-dialogbasert-arealutvikling/>
- Hofsten J, Rekdal Y, Strand H. 2018. Arealregnskap i utmark. Arealstatistikk for Møre og Romsdal. Ås.
- Holme R, Norderhaug A. 2004. Hva har vi lært av Storfjordprosjektet. Grønn kunnskap. 8.
- Hovstad KA, Johansen L, Arnesen G, Svalheim E, Velle LG. 2018. Semi-naturlige naturtyper. Norsk rødliste for naturtyper 2018. Trondheim.
- Hultman M, Kazeminia A, Ghazemi V. 2015. Intention to visit and willingness to pay premium for ecotourism: THE impact of attitude, materialism, and motivation. J Bus Res. 68:1854–1861.
- Ikuo O. 1997. Regenerating forestry workers in Japan; Sustainable management of small scale forestry. Proc IUFRO Symp Kyoto.
- Innovasjon Norge. 2014. Reiselivsstrategi for Innovasjon Norge 2014 – 2020. :8.
- IPBES. 2018a. The regional assessment report on Biodiversity and Ecosystem Services for Europe and Central Asia. Bonn, Germany.
- IPBES. 2018b. The assessment report on Land Degradation and Restoration - Summary for policymakers. Bonn, Germany.
- Knutsen H. 2017. Utsyn over norsk landbruk - Tilstand og utviklingstrekk 2017. Oslo/Ås: Nibio.
- Koesling M, Hansen S, Bleken MA. 2017. Variations in nitrogen utilisation on conventional and

- organic dairy farms in Norway. *Agric Syst.* 157:11–21.
- Lindgaard A, Henriksen S. 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Trondheim.
- Milford AB, Knutsen H, Bergen N, Gausemel G. 2016. Landbruksbasert reiseliv i Norge. Bergen.
- Moen A. 1998. Endringer i vårt varierte kulturlandskap. I jordbrukskets kulturlandskap. Forvaltning av miljøverdier. Oslo.
- Møre og Romsdal fylke. 2008. Forvaltningsplan - Vestnorsk fjordlandskap delområde Geirangerfjorden. Molde.
- NHD. 2012. Regjeringens reiselivsstrategi - Destinasjon Norge - Nasjonal strategi for reiselivsnæringen. Nærings- og handelsdepartementet, Oslo.
- Norderhaug A, Austad I, Hauge L, Kvamme M. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Oslo: Landbruksforlaget.
- Norderhaug A, Hanssen S, Jordal JB. 2004. Storfjordprosjektet - Fagrappport om kulturlandskap i indre Storfjorden og om utfordringer for forvaltninga. Rapport til Landbruksavdelinga. Molde.
- NOU. 2013. Naturens goder - om verdien av økosystemtjenester. Oslo: Norges offentlige utredninger.
- NTB. 2019. Nå kan det være flertall for turistskatt. Sunnmørsposten [Internet]. [cited 2019 Jul 10]. Available from: <https://www.smp.no/nyheter/2019/04/08/N%C3%A5-kan-det-v%C3%A8re-flertall-for-turistskatt-18814694.ece>
- SSB. 2019. SSB - Statistikkbanken [Internet]. [cited 2019 Jul 10]. Available from: <https://www.ssb.no/statbank/>
- TEEB. 2007. The Economics of Ecosystems & Biodiversity [Internet]. [cited 2019 Jul 10]. Available from: <http://www.teebweb.org/>
- Teigen H. 1999. Regional økonomi og politikk. Oslo: Universitetsforlaget.
- Thorvaldsen P. 2008. Kulturlandskapet på hyllegarden Skageflå i Geiranger i Stranda kommune, Bioforsk Rapport. Del 1. Skjøtselsplan for tidlegare innmarksareal. Ås: Bioforsk.
- Thorvaldsen P. 2009. Kulturlandskapet på hyllegarden Skageflå i Geiranger i Stranda kommune, Bioforsk Rapport. Del 2. Utmarkslandskapet; bruksutnytting, kulturminne og biologiske verdier. Ås: Bioforsk.
- Viken A. 2009. Den store image-strabasen. Oslo: Syn og segn.

# Vedlegg

*Vedlegg 1*

## VERDI - Intervju av bønder og andre interessentar

Namn:

Adresse:

Driftsopplegg:

Rolle:

Kva tenkjer du om verdsarvstatusen:

- Fordeler, ulemper, potensiale, flaskehalsar

Kva tenkjer du om bruken av utmarka (utmarksressursar) og potensiale for næringsutvikling:

- I verdsarvområdet
- Utanfor verdsarvområdet
- Er det skilnader
- Overforbruk og underforbruk av natur
- Forretningsmodellar /samarbeid/organisering
- Politikk – verkemiddelbruk

Interessekonflikter – finst dei, korleis kan dei løysast?

Kan verdien av utmarksressursane sjåast på ein ny måte/annan måte enn i dag?

Er det behov for meir forsking? Eventuelt på kva?

Kan auka bruk av kartdata og informasjon bidra til auka utnytting og verdiskaping og mindre interessekonflikter?

Kan og vil vi (du) auke lokal og regional verdiskaping basert på berekraftig matproduksjon og kunnskapsbasert turisme og andre økosystemtenester?

- Korleis?



Norsk senter for økologisk landbruk, NORSØK er ei privat, sjølvstendig stifting.

Stiftinga er eit nasjonalt senter for tverrfagleg forsking og kunnskapsformidling for å utvikle økologisk landbruk. NORSØK skal bidra med kunnskap for eit meir berekraftig landbruk og samfunn. Fagområda er økologisk landbruk og matproduksjon, miljø og fornybar energi.

Norsk senter for økologisk landbruk, NORSØK / Gunnars veg 6 / NO-6630 TINGVOLL/  
Telefon: +47 930 09 884 / E-post: [post@norsok.no](mailto:post@norsok.no) / [www.norsok.no](http://www.norsok.no)